

Forord

Endeleg er masteroppgåva ferdigstilt, eit prosjekt som eg ei stund var usikker på kom til å bli ein realitet. Ei oppgåve som kom på toppen av eit allereie overfylt liv i politikkens og lærarutdanningas namn. Det har vore nokre krevjande månadar i innspurten med denne masteroppgåva, og det hadde ikkje gått dersom eg ikkje hadde hatt støttande menneske rundt meg.

Fyrst vil eg rette ein stor takk til Brit Mæhlum. Eg veit eg ikkje har vore ein enkel student å rettleie, spesielt sidan eg helst vil gjere alt anna enn å studere i kvardagen. Takk for gode faglege innspel og ikkje minst for at du har vore så tolmodig desse månadane. Eg veit det ikkje alltid har vore like enkelt. Eg er evig takksam.

Ein stor takk til informantane og respondentane ved Brattvåg ungdomsskule, Ålesund videregående skole og Spjelkavik videregående skole. Den innsikta de har gjeve meg inn i tankar, haldningar og dykkar språklege liv, har vore lærerik og ikkje minst spennande. Utan dykk ville ikkje denne oppgåva vore til. Ein stor takk må òg rettast til lærarane ved dei respektive skulane, som har latt meg bruke elevane si undervisningstid til å gjennomføre undersøkingane.

Takk til alle som har bidrige med gode innspel og tankar i prosessen og til de som har sett gjennom og kommentert det ferdige produktet.

Takk til mamma og pappa som stiller opp for meg uansett kva det er. Ein spesiell takk til mamma som har lese korrektur på oppgåva i tolvte time. Eg har rett og slett ikkje ord.

Ein siste takk til han som har tatt vare på meg når ting har gått trått og som har heia når ting går godt. Takk for at du forstår når eg treng avstand og når eg treng ein klem. Du gjer kvardagane gode.

Trondheim, mai 2017

Marit Nerås Krogsæter

Innhaldsliste

| | |
|--|-----|
| Forord..... | i |
| Innhaldsliste..... | iii |
| Kapittel 1: Innleiing | 1 |
| 1.1 Problemstilling | 2 |
| 1.2 Oppbygging av oppgåva..... | 2 |
| Kapittel 2: Bakgrunn og tidlegare forsking..... | 3 |
| 2.1 Språkfakta 2015 | 3 |
| 2.2 Språkskifteundersøkingar | 5 |
| 2.3 Kva kan me sjå tendensane av i tidlegare forsking? | 8 |
| Kapittel 3: Teoretisk rammeverk | 9 |
| 3.1 Sosiolingvistiske tradisjonar..... | 9 |
| 3.2 Språkskifte på eit overordna samfunnsnivå | 10 |
| 3.3 Språk og identitet..... | 11 |
| 3.4 Haldningar til språk | 13 |
| Kapittel 4: Metode..... | 15 |
| 4.1 Sosiolingvistisk metode..... | 15 |
| 4.2 Utval og representasjon..... | 16 |
| 4.3 Spørjeundersøkingane..... | 18 |
| 4.4 Gjennomføring av spørjeundersøkingane | 21 |
| 4.5 Intervjuguide og gjennomføring av intervju..... | 21 |
| 4.6 Koding av data | 22 |
| 4.7 Etiske retningslinjer | 23 |
| 4.8 Kvaliteten på undersøkingane | 24 |
| Kapittel 5: Resultat | 25 |
| 5.1 Brattvåg Ungdomsskule | 25 |
| 5.2 Ålesund videregående skole | 28 |
| 5.3 Spjelkavik videregående skole | 31 |
| 5.4 Kva haldningar har respondentane til tre utsegn om språk? | 31 |
| 5.5 Kvifor skriv elevane nynorsk eller bokmål? | 34 |
| 5.6 Oppmoding til språkskifte | 39 |
| 5.7 Intervjua | 40 |

| | |
|---|----|
| Kapittel 6: Drøfting..... | 47 |
| 6.1 Følgje fleirtalet..... | 47 |
| 6.2 Nynorsk tapar på den lingvistiske marknaden..... | 48 |
| 6.3 Elevane skiftar hovudmål i stadiumovergangane..... | 50 |
| 6.4 Er nynorskbrukarane språkleg bevisste?..... | 52 |
| 6.5 Språkskiftarane gjer taktiske val | 53 |
| 6.6 Bokmålsbrukarane følger fleirtalet | 54 |
| 6.7 Å spegle seg i språket..... | 54 |
| 6.8 Korleis skal elevane blir meir språkleg bevisste på sitt eige hovudmål?..... | 55 |
| Avsluttande konklusjonar og vidare forsking | 56 |
| Litteraturliste..... | 57 |
| Vedlegg 1 Spørjeskjema ungdomsskule | 59 |
| Vedlegg 2 Spørjeskjema vidaregåande | 63 |
| Vedlegg 3 Kvittering frå NSD | 67 |
| Vedlegg 4 Endring av prosjekt..... | 69 |
| Samandrag | 71 |
| Oppgåva sin relevans for lektoryrket..... | 73 |

Kapittel 1: Innleiing

Norsk språk har ikkje lenger ein like sjølvsagd posisjon og status i det norske samfunnet som tidlegare. For alle folk er språket det viktigaste kulturuttrykket. Som kulturnasjon har vi difor ei plikt både overfor oss sjølve og verda elles til å ta vare på vårt eige språk (Kulturdepartementet, 2008, s. 21)

I Noreg har me to variantar av norsk språk, nynorsk og bokmål, som er formelt likestilte skriftspråk i offentleg bruk og har akkurat den same offisielle statusen. Men stortingsmelding 35 *Mål og mening* slår fast at å skrive norsk i Noreg, ikkje er like sjølvsagt som det ein gong var (Kulturdepartementet, 2008). Den same stortingsmeldinga trekker fram at *den nynorske lekkasjen* er stor og viser til undersøkingar av Grepstad (2006) om at kvar tredje nynorskelev vil skifte hovudmål til bokmål før vedkomande har fylt tjue år. Meldinga trekker òg fram at Noreg må ta eit kulturelt ansvar for å halde oppe det språklege og kulturelle mangfaldet i verdssamfunnet, og at språksikring i Noreg er eit internasjonalt ansvar (Kulturdepartementet, 2008).

Nynorsk har tradisjonelt stått sterkt på Sunnmøre, men ser ein til statistikken for hovudmål hos elevar i grunnskulen i Møre og Romsdal i 2.1.1, finn me at det snart er halvparten av elevane som vel bokmål i staden for nynorsk. I kommunen eg kjem frå, Haram kommune, er det berre 12 av om lag 1000 elevar i grunnskulen som har bokmål som nynorsk. I Haram er det ein vidaregåande skule, der mange elevar held fram med utdanninga etter grunnskulen, men mange reiser likevel til Ålesund kommune. Eg var sjølv ein elev som gjekk vidaregåande i Ålesund, og kjente at det var krevjande å halde på nynorsk som hovudmål i ei klasse der majoriteten skreiv bokmål.

Sidan det har blitt gjort få undersøkingar i området om kvifor elevar frå nynorskkommunar vel å skifte hovudmål, har dette vore hovudmotivasjonen for å skrive om akkurat dette temaet og ta utgangspunkt i Ålesund kommune som randsone for nynorsk.

1.1 Problemstilling

Heilt sidan eg starta på denne masteroppgåva, har eg ynskja å sjå nærare på kva forhold elevar har til nynorsk som skriftspråk og om dei reflekterer noko over kvifor det er ein del nynorskelevar som skiftar hovudmål i utdanningsløpet. I tillegg har eg lese undersøkingar av mellom anna Øvreliid (2014) og Grepstad (2015), der dei seier at språkskiftet til elevane kjem tidlegare enn på vidaregåande. Med det som bakteppe, fann eg ut at eg ville stille meg desse problemstillingane for oppgåva.

- Korleis er språkskiftesituasjonen med Brattvåg ungdomsskule, Ålesund videregående skole og Spjelkavik videregående skole?
- Kva faktorar påverkar elevane sine val av hovudmål på ungdomsskulen og på vidaregåande?
- Har elevane eit bevisst forhold til å skrive nynorsk som hovudmål?

1.2 Oppbygging av oppgåva

Eg har bygd opp denne oppgåva i seks hovudkapittel, med fleire underkapittel. Kapittel 1 inneheld innleiing, presentasjon av problemstillingar og denne forklaringa på korleis oppgåva er bygd opp. Kapittel 2 inneheld ei kortfatta oppsummering av tidlegare språkskifteundersøkingar og språkfakta. Kapittel 3 inneheld det teoretiske rammeverket eg skal halde meg til i denne oppgåva. Her tar eg for meg sosiolinguistiske og sosiologiske teoriar om språkskifte, språkhaldning og identitet. Eg vil sjå desse teoriane både i eit mikro- og makroperspektiv. Vidare vil eg i kapittel 4 gå gjennom den metodiske tilnærminga eg har hatt i prosjektet. Eg har i hovudsak lagt sosiolinguistiske og samfunnsvitskaplege metodar til grunn og vil mellom anna gå gjennom prosessen med å hente inn informasjon og dei etiske refleksjonane kring informasjonen eg har henta inn. I kapittel 5 går eg gjennom dei resultata eg har funne i dei kvalitative og kvantitative undersøkingane. I det siste kapittelet, kapittel 6, vil eg drøfte resultata frå undersøkinga opp mot dei tidlegare språkskifteundersøkingane og det teoretiske rammeverket.

Kapittel 2: Bakgrunn og tidlegare forsking

2.1 Språkfakta 2015

Tal frå Språkfakta 2015 (Grepstad, 2015a) viser at nynorsk er fyrstespråket til om lag 600.000 innbyggjarar i Noreg over 15 år, og at fire av ti nynorskbrukarar er reelt tospråklege sidan dei brukar nynorsk og bokmål om lag like mykje. I utdanningssystemet i dag er det obligatorisk for alle elevar å lære både bokmål og nynorsk, og dette er med på å gjere nynorskbrukarane tospråklege. Utfordringa med dette er at ein må finne ut korleis ein òg kan gjere bokmålsbrukarane reelt tospråklege, sidan det er bokmål som er majoritetsspråket i Noreg og som har den dominerande rolla i samfunnet.

Det er fleire individuelle nynorskbrukarar Noreg i 2015 enn det var for 50-60 år sidan, men i prosent av det totale innbyggartalet, er det færre nynorskbrukarar. Dette er fordi folketalet har auka ein god del i denne perioden, og at det ikkje er like stor tilslutning til nynorsk som skriftspråk blant dei nye som kjem til (Grepstad, 2015a). Dette har nær samanheng med flyttemønster og sentralisering, men òg at institusjonar som verkar stabiliserande i norsk språkpolitikk, gradvis mistar den tydinga dei har hatt. Dette er snakk om kommunane, skulane og kyrkjene, men òg institusjonar som teater og aviser.

Det er svært få nordmenn som skiftar frå bokmål til nynorsk i skulen eller som privat språk som vaksne, mens det er mange som skiftar frå nynorsk til bokmål. Grepstad (2015b) har satt saman tal frå skule og sesjon for å talfeste den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål. Det som vil vere interessant vidare i denne oppgåva, er lekkasjen frå dei årskulla som er nærest i alder til dei elevane som gjekk ut av vidaregåande utdanning i 2016. Av dei som starta på barneskulen i 2000, altså dei som er fødd i 1994, var det 14,9 prosent som hadde nynorsk som hovudmål. Ser ein dette i samanheng med sesjon etter ferdig vidaregåande utdanning, har dette talet falle til 7,8 prosent. Dette vil tilseie ein nedgang på 48% frå 1.klasse på barneskulen til avslutta vidaregåande utdanning. Denne nedgangen er stor og viser at terskelen for å skifte hovudmål er låg (Grepstad, 2015b).

I 2015 budde om lag 2.4 millionar menneske i språknøytrale kommunar, 1.9 millionar i bokmålskommunar og vel 500.000 menneske i nynorskkommunar (Grepstad, 2015a). I denne oppgåva vil eg studere to ulike kommunar som har vald ulike språklege tilnærmingar til


tenestemål. Ålesund kommune er ein språknøytral kommune, medan Haram kommune er ein nynorskkommune.

Før 2009 har me få sikre tal på korleis språkutviklinga i vidaregåande utdanning har vore, men etter 2009 har me sikre tal på denne utviklinga. Grepstad (2015b) viser til at i Møre og Romsdal skiftar heile 28 prosent frå nynorsk til bokmål i løpet av grunnskulen og vidaregåande utdanning. Fire prosent av desse har skifta hovudmål i grunnskulen, mens dei resterande 24 prosentane skifta på vidaregåande. Denne overgangen vil me sjå nærmere på i undersøkinga som Øvreliid (2014) har gjennomført på tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal i kapittel 2.2.2.

2.1.1 Språk i Møre og Romsdal

Kvar kommune og fylkeskommune bestemmer sjølv kva målform staten skal bruke i kontakt med dei eller om kommunen skal vere språknøytral. I Møre og Romsdal er det ei kommune som har bokmål som tenestespråk, 13 er språknøytrale og 22 kommunar har nynorsk som tenestespråk. Møre og Romsdal fylkeskommune har òg nynorsk som tenestemål og administrasjonsspråk (Lovdata, 2013). Sidan Møre og Romsdal er eit fylke med fleire kommunar som har nynorsk som tenestemål, kan ein seie at fylket er eitt av kjerneområda for nynorsk. For å kunne kalle fylket for eit kjerneområde, må fylket ha minst 50 prosent nynorskelever i grunnskulen (Grepstad, 2015b).

I figur 2.1 kan ein sjå at Møre og Romsdal framleis er eit kjerneområde for nynorsk, men at fylket snart fell utanfor denne definisjonen.



Figur 2.1 Hovudmål i grunnskulen – elevtal. Tal frå SSB (2017).

2.1.2 Haram kommune

Haram kommune er den nordlegaste kommunen på Sunnmøre og ligg nord for Ålesund.

Haram består av både øyer og fastland. I Brattvåg, kommunenesenteret, var det i 2014 om lag 2400 innbyggjarar. I kommunen som heilskap er det rundt 9200 innbyggjarar. I følgje tal frå GSI (Grunnskolens informasjonssystem) var det i skuleåret 2015-2016 1006 elevar med nynorsk som hovudmål og 12 elevar med bokmål som hovudmål i grunnskulen. Desse tala gjer at me kan seie at Haram er eit kjerneområde for nynorsk.

2.1.3 Ålesund kommune

Ålesund kommune er den største byen i Møre og Romsdal med eit innbyggartal på nærmere 47.000 (Stokkan & Thorsnæs, 2016). I tala frå GSI kjem det fram at i same skuleår var 4843 elevar med bokmål som hovudmål i Ålesund og 630 elevar med nynorsk som hovudmål.

Dette vil seie at Ålesund er ei randsone for nynorsk.

2.2 Språkskifteundersøkingar

2.2.1 Målstreken

Prosjektet *Målstreken* er ei undersøking om språkskifte frå nynorsk til bokmål ved Valdres vidaregåande skule som vart gjennomført i 2009. Undersøkinga er den største i sitt slag og viser korleis nynorsken er under press i skulen i Valdres. Denne undersøkinga har blitt gjennomført i Sogn og Fjordane, ved Firda vidaregåande skule, for å samanlikne resultata frå ei randsone for nynorsk og for kjerneområdet til nynorsk (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010).

Årsakene som blir oppgitt for å skifte målform er i hovudsak instrumentelle. Desse instrumentelle årsakene går ut på at elevane mellom anna tykkjer at bokmål er «lettare» og at bokmål er «betre» enn nynorsk. Elevane gjev tilbakemelding om at ein høyrer bokmål heile tida, at det er vanskeleg å skrive rett på nynorsk fordi bøker og tidsskrift er på bokmål. Av dei kjensleladde argumenta kjem det fram at negative haldningar til nynorsk er tydlegare i Valdres enn i Sogn og Fjordane. I studien vert desse argumenta kalla integrative argument, og handlar i stor grad om å framheve det negative ved nynorsk og ikkje det positive med bokmål. For dei som vel å halde fram med nynorsk, er det omvendt ved at dei framhevar det positive med nynorsken og i mindre grad det negative ved bokmålet. Ein tredje årsak til at elevane skiftar hovudmål, er det ubevisste valet. I Valdres vert det trekt fram organisatoriske

utfordringar som å bli registrert som bokmålselev i 1.klasse på vidaregåande, at det er enklare å få tak i lærebøker på bokmål og fleire seier det er fordi dei snakkar bokmål i heimen. I *Målstreken-prosjektet*, kan me observere at argumentasjon for språkval er ulik i randsoneområdet og i kjerneområdet for nynorsk. (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010). Difor vil det seinare i oppgåva vere naturleg å samanlikne resultata frå Valdres vidaregåande skule med dei resultata eg finn i mi undersøking. Dette er fordi randsoneproblematikken går igjen i begge områda som har blitt undersøkt: Valdres og Ålesund.

2.2.2 Språkskifte i Møre og Romsdal

Det er fleire som har undersøkt haldningar til nynorsk ved skulane i Møre og Romsdal. Iselin Nevstad Øvrelid skreiv i 2014 ei masteravhandling om språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Ho tok utgangspunkt i to skular på Sunnmøre og ein skule i Romsdal. Det som er særrelevant her for mi oppgåve, er undersøkinga som vart gjennomført ved Fagerlia vidaregåande skule i Ålesund. Resultatet frå denne undersøkinga viser at 64 av 200 respondentar har skifta frå nynorsk til bokmål i løpet av utdanningsløpet. Øvrelid (2014) finn ut at 69 prosent av dei som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Fagerlia, kjem frå ein nynorskkommune, medan resten kjem frå Ålesund kommune der dei har gått i nynorskklassar anten i barneskulen eller på vidaregåande (Øvrelid, 2014).

Vidare hevdar Øvrelid (2014) at elevane frå språknøytrale Ålesund som har skrive nynorsk tidlegare, ikkje held på nynorsken seinare i livet. Når det kjem til *når* elevane skiftar hovudmål, har ho funne ut at det er ein del elevar som skiftar hovudmål på ungdomsskulen, og majoriteten av desse har gått i nynorskklasser på barneskulen. Det største skiftet skjer likevel på vidaregåande. I undersøkinga viser ho at 69 % av alle elevane på alle vidaregåande skulane ho har undersøkt, har skifta frå nynorsk til bokmål på vidaregåande. Ho seier vidare at dette støttar opp om hypotesen om at skiftet i hovudsak skjer på vidaregåande, men at tankeprosessane om å skifte hovudmål *kan* starte tidlegare.

2.2.3 Språkskifte i Haram og Ålesund

I 2012 gjennomførte *Haramsnytt*, ei lokalavis som femnar om kommunane Haram og Sandøy, ei undersøking om skriftspråk ved tre vidaregåande skular i Ålesundsområdet: Fagerlia, Spjelkavik og Haram. Dette er ikkje ei vitskapleg undersøking, men den kan likevel vere med på å gje ei retning på korleis språkutviklinga er i området rundt Ålesund. I undersøkinga kjem det fram at elevar som har hatt nynorsk i grunnskulen og som går på vidaregåande i Ålesund, i større grad vel bokmål som hovudmål enn dei som går på vidaregåande i Haram (Reinlund, 2012). Dette er i tråd med det Øvrelid (2014) har funne ut i si oppgåve.

Avisa meiner dei har funne ein del av årsaken til at elevar som startar på vidaregåande utdanning i Ålesund, skiftar hovudmål, og at lærarane er ein del av dette kollektive bokmålspresset. 94 prosent av elevane som vart spurde i undersøkinga, sa at lærarane deira brukar mest bokmål i undervisninga.

Ved Haram vidaregåande skule, som ligg i Haram kommune, er tendensen den same, men ikkje like signifikant som ved skulane i Ålesund. Nærare alle elevane som vart spurde i undersøkinga, sa at lærarane brukar mest nynorsk, men at det er 72 prosent av elevane som har nynorsk som hovudmål. 90 prosent sa at dei hadde nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Ved spørsmål om kva elevane kan tenkje seg å skrive fem år fram i tid, er det berre 40 prosent som trur dei kan eller får bruk for nynorsken i framtidig arbeidsliv (Reinlund, 2012).

2.2.4 Språkskifte i Hordaland

Thea Idsøe (2016) har undersøkt språkskifte ved tre vidaregåande skular i Hordaland der to av dei ligg i nynorske kjerneområde, medan ein ligg i ei randsone nær Bergen. I undersøkinga kjem det fram at elevane som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål, er i stor grad trufaste og komfortable med sitt nye hovudmål, medan dei som har nynorsk som hovudmål, er mindre trufaste mot skriftspråket sitt og tilpassar kommunikasjonen etter kven dei kommuniserer med (Idsøe, 2016).

Fleire av informantane i masteroppgåva til Idsøe (2016) argumenterer i stor grad med at dei har vald å halde på nynorsk som hovudmål fordi det har blitt ein vane. Vidare har ho funne at språkskiftet er eit resultat av at bokmål blir sagt å vere enklare å meistre enn nynorsk. Dette heng saman med det informantane sjølv seier om at bokmål er det samfunnsberande språket i

Noreg. Her trekker Idsøe inn termane om majoritetsspråk og minoritetsspråk. «Dersom påverking utanfrå fortsett som ho gjer i dag vil eg bruka meir bokmål enn det eg gjer no» skriv ein informant. Nynorsk er eit minoritetsspråk som er markert og ukjent på landsbasis. Dette markerte og ukjente fører til at elevane går vekk frå nynorsken, til fordel for bokmål. Idsøe viser til Mæhlum (2007) som peikar på «indre globalisering» i Noreg og at denne globaliseringa har auka språkkontakten og språkpresset.

2.2.5 Bokmålpåverknad som hovudårsak

Proba samfunnsanalyse gjennomførte i 2014 ein studie på oppdrag for Utdanningsdirektoratet der dei skulle kartlegge to forhold i høve til nynorsk som hovudmål. Det fyrste handlar om å kartlegge kva ulike aktørar i samfunnet, som til dømes utdanningssystemet, spelar inn på elevane sitt val av målform, og kva årsakar som ligg bak språkskifte. Den andre delen av oppdraget handla om å kartlegge korleis lærarutdanningsinstitusjonane dokumenterer og sikrar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. For mi oppgåve er det mest interessant å gå djupare inn i svara i det fyrste forholdet. I undersøkinga fann dei ut at elevane i stor grad peikar på den massive bokmålpåverknaden som hovudårsak til at dei skifter målform. Dei opplever at bokmål er enklare fordi «alt» dei les er på bokmål. Verken lærarar, skuleleiing eller føresette ser ut til å ha hatt noko effekt på skiftet av målform. Samstundes har dei funne evidens på at skulen ikkje har teke grep for å styrke nynorsken eller hindre språkskifte. I tillegg har dei undersøkt om utdanningsinstitusjonane dokumenterer studentane sin kompetanse i både nynorsk og bokmål. Her har dei funne ut at det i mange tilfelle ikkje eksisterer eit avsluttande vurderingssystem som sikrar dokumentert kompetanse i begge målformene (Proba samfunnsanalyse, 2014).

2.3 Kva kan me sjå tendensane av i tidlegare forsking?

Det kjem klart fram i denne tidlegare forskinga om språkskifte at randsoneområda er spesielt utsatte for språkskifte frå nynorsk til bokmål. I område som Sogn og Fjordane (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010) og Volda (Øvrelid, 2014) held nynorskprosenten seg stabil på eit høgt nivå, medan prosenten er på veg ned i Ålesund, Valdres og Molde. Språkskiftet skjer oftast i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande, men i Valdres kjem overgangen tidlegare. Vidare kan ein sjå at elevane i randsonene meiner det er mindre naturleg å bruke nynorsk, og at elevar vel å skifte hovudmål med bakrunn i at bokmål er «enklare» enn nynorsk og at bokmål er det språket som er rundt dei i kvardagen.

Kapittel 3: Teoretisk rammeverk

I dette kapittelet vil eg ta for meg det teoretiske rammeverket for prosjektet mitt. Eg vil gå inn på sosiolinguistiske teoriar om mellom anna språkskifte, språkhaldning og identitet. Fyrst vil eg gå nærare inn på sosiolinguistiske tradisjonar, før eg går over til å diskutere teoretiske rammer i eit mikro- og makroperspektiv.

3.1 Sosiolinguistiske tradisjonar

Sosiolinguistik er eit fagfelt som studerer forholdet mellom språket og samfunnet, altså studiet av språket som sosialt fenomen (Simonsen, 2013). Sosiolinguistik er ein tverrfagleg forskingsdisiplin og målet er å få ei betre forståing av både det talte og det skrivne språket i ein samfunnskontekst.

Sociolinguistics research is thus work which is intended to achieve a better understanding of the nature of human language by studying language in its social context and/or achieve a better understanding of the nature of the relationship and interaction between language and society (Trudgill, 2003, s. 123)

Definisjonane til Trudgill og Simonsen gjer at prosjektet mitt kan skildrast som sosiolinguistisk, sidan målet er å undersøke haldningar og handlingar til elevar i den sosiale konteksten dei er i - altså skulen. Det finst fleire ulike måtar å studere sambandet mellom samfunn og språk, og til dømes Reidunn Hernes (2005) deler sosiolinguistikken inn i to ulike grunnsyn. På den eine sida har me det samfunnsorienterte grunnsynet og på andre sida har me det individorienterte grunnsynet. William Labov er ein av dei som representerer det samfunnsorienterte perspektivet, og ifølgje han er språk noko som berre kan studerast med utgangspunkt i språksamfunnet (Hernes, 2005). Dette vil seie at han legg til grunn at språk berre kan studerast i eit makroperspektiv, der det kollektive er det viktigaste. Det andre grunnsynet seier at språk er eit fenomen som må studerast med utgangspunkt i språkbrukaren sjølv. I tidlegare sosiolinguistisk teori var det stort fokus på dei ytre kreftene som påverka språket og språksamfunna, men no har subjektet og individet fått mykje større plass i forklaringane på kvifor språk endrar seg. Isolert sett er det ingen av desse grunnsyna som dannar ei ideell ramme for sosiolinguistiske studiar, men saman skapar dei eit meir heilskapleg bilet av kva prosessar som skjer ved språkendring.

For å kunne seie noko generelt om forholdet mellom språkendring og identitet, om korleis individ relaterer seg til grupper, må ein trekke inn både mikro- og makrososiologiske

perspektiv, i tillegg til individual- og sosialpsykologiske forhold. Ein må ta tak i både dei psykologiske forholda som er med på å styre individet sine val, og dei meir overordna samfunnsstrukturelle forholda som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala (2005). For å kunne forstå og oppnå kunnskap om kva faktorar som påverkar språkbrukarane, er det viktig å sjå både på dei overordna rammene som skule og politiske vedtak, som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala i språkområda. I tillegg er det viktig å sjå individet og deira språkhaldningars. Eg vil fyrst ta for meg språkskifte i eit makropspektiv før eg går nærare inn på individfokuserte teoriar om språk, identitet og språkhaldningars.

3.2 Språkskifte på eit overordna samfunnsnivå

Språkskifte på eit overordna samfunnsnivå handlar om dei rammene som vert lagt i form av politikk og maktstrukturar. Røyneland (2008) viser mellom anna til den etnolingvistiske vitalitetsteorien, som er etablert av Howard Giles. Denne teorien seier det er fire faktorar som spelar inn på språkskifte og bevaringsprosessar: Økonomi, demografi, institusjonell stønad og status. Eit språkskifte skjer langs to aksar: ein domeneakse og ein tidsakse. Eit språkskifte skjer ved at eitt av dei to språka gradvis erostrar fleire domene, og at fleire språkskiftarar innanfor samfunnet skiftar innanfor desse domena. Med dette som utgangspunkt kan me seie at språkskifte er noko som aldri skjer over natta og er ein gradvis prosess (Røyneland, 2008). Dette vil seie at *den nynorske lekkasjen* er eit resultat av ein gradvis og langsiktig prosess. Og noko som er med på påverke denne prosessen, og som er den samfunnsfaktoren som påverkar språkskifte på verdsbasis i dag, er globalisering.

3.2.2 Språkskifte i ein norsk kontekst

Sjølv om nynorsk og bokmål formelt er likestilte målformer, ser ein i mange samanhengar at nynorsk i praksis er eit minoritetsspråk. For å analysere den norske språkskiftesituasjonen, brukar Mæhlum (2007) motsetnadsparet *tradisjon – modernitet*. Tradisjon står for det stadbunde og tradisjonelle, medan modernitet som det moderne og fristilte. I ein norsk kontekst, hevdar Mæhlum (*ibid.*) at ein kan bruke dette motsetnadsparet på nynorsk og bokmål. Der vert det stadbundne og den geografiske dimensjonen framheva ved det nynorske skriftspråket, medan bokmål vert sagt å vere geografisk umarkert.

Kulturell eller etnisk revitalisering av lokale tradisjonar og verdiar kan vere ein strategi for å motsetje seg den moderne verdas globaliserande og nivellerande tendensar.

Interesse, bevisstheit og vilje er heilt nødvendig i dag for å kunne bevare tradisjonelle dialekttrekk [...] For at ungdomen skal ta vare på t.d. den lokale dialekten, må dei få interesse for det og gjøre bevisste val, for dei homogeniserande kreftene som verkar i den motsette leia, er svært sterke (Røyneland, 2005, s. 102).

Røyneland (2005) viser til at det er interesse, bevisstheit og vilje som er det som er naudsynt for å ta vare på tradisjonelle dialekttrekk, og i denne samanhengen kan ein òg overføre desse tankane til bevaring av skriftspråk. Dette vil eg gå vidare med i neste underkapittel.

3.3 Språk og identitet

Språkforskarar og andre profesjonar er samde om at det er ein nær samanheng mellom språk på den eine sida og mennesket sin identitet på den andre. Identitetsomgrepet dreier seg om kven me er, både som enkeltindivid og som ein del av fellesskapet. Med dette som utgangspunkt er identitet noko ein har i seg som medfødde kjerneegenskapar, men identitet er òg noko ein tileigner seg og som ein utviklar gjennom ytre påverknad (Røyneland, 2005; Mæhlum, 2008).

Identitet vert både skildra som noko ein berre har ein av, men òg at ein kan ha fleire ulike identitetar. På den eine sida er identitet noko uforanderleg og opphaveleg, medan på andre sida er noko ein må leite etter eller byggje opp. Noko som endrar seg gjennom livet og som ein kan risikere å miste. Utifrå ein essensialistisk tankegang kan ein seie at identiteten til eit individ er konstruert av eit sett medfødde kjerneegenskapar, som i sum vert ein heilskapleg og uforanderleg storleik (Røyneland, 2005). Denne essensialistiske identitetsoppfatninga seier at identitet er ein permanent storleik som er immun mot ytre påverknad og sosiale impulsar. Ein er som menneske fødd med eitt sett kjerneegenskapar som dannar identiteten som ein integrerande og permanent instans i personlegdomen. Innan fagtradisjonar som pedagogikk og psykologi var denne måten å sjå identitet på, ei dominerande førestilling (Mæhlum, 2008b).

Den andre idéhistoriske retninga er ein konstruktivistisk tankegang. Her legg ein vekt på identitet som ein meiningskapande prosess gjennom mellom anna interaksjon og handling med omgjevnadane (Røyneland, 2005). Der ein i ei essensialistisk oppfatning meiner det er ei kjerne med eigenskapar, vil ein i konstruktivistisk tankegang sjå på mangelen av denne kjernen som grunnlaget for identiteten. Identiteten er noko ein tileigner seg, noko som vert konstruert og som utviklar seg gjennom ytre påverknad (Mæhlum, 2008b).

Charles Horton Cooley innførte eit uttrykk om spegelbilete, *the looking-glass self*, der ein brukar andre sine reaksjonar på å sjå på oss sjølve (Schieffloe, 2015). Utviklinga av sjølvbiletet er eit resultat av ein sosial prosess og at det er eit samspel mellom individet og omgjevnadane rundt. Georg Herbert Mead viser til at personlegdomen er knytt til utviklinga av selvet (ibid.). I denne prosessen vil det vere nokon personar som er viktigare enn andre, desse kallar Mead *signifikante andre*. I oppveksten kan desse vere føresette, medan i ein utdanningssituasjon kan læraren eller professoren vere den signifikante andre. Denne personen eller personane står i forhold til den generaliserte andre, som er dei ålmenne normene og verdiane me brukar for å vurdere oss sjølve (ibid.). Respondentane i tidlegare forsking har sagt at bokmål er det språket som er dominande i deira kvardag, og i den samanhengen vil det vere naturleg å undersøke korleis elevane blir påverka av andre sine hovudmålsval og korleis den språklege kvardagen deira er.

3.3.2 Den nynorske identiteten

Ein identitet kan med andre ord ikkje vere nøytral eller isolert frå den fellesskapen ein ytrar seg i. Det vil seie at å definere ein identitet som nynorsk er eit partsinnlegg og ei politisk handling, og ikkje ei nøytral stadfesting av korleis noko er. Eiksund (2015) støttar seg på Schei (2007) si tredeling av identitetsomgrepet: Å vere, å ha og å søkje identitet. Å vere identitet er at det kollektive stadfestar kvar me høyrer til, å vere ein del av flokken.

Reflekterer ein ikkje over kven ein er, vil andre kunne definere det for ein og dette er ubevisste, intuitive og ureflekerte handlingar. Som nynorskbrukar vil ein i eit språksamfunn der ein er i mindretal, få ei påminning om at ein er ein del av dette mindretalet og dette kan gje nynorskbrukaren eit nærare forhold til språket sitt. Denne påminninga kan òg gjere at nynorskbrukaren vel å skifte hovudmål for å passe inn i fleirtalet. Eiksund viser til at det er enklare for ein nynorskbrukar å vere klar over at ein er nynorskbrukar enn ein bokmålsbrukar er klar over at hen skriv bokmål. Dette har med at medlemmane av mindretalet får fleire påminningar av fleirtalet at ein er éin identitet. Den andre inndelinga, å ha identitet, kjem når ein blir klar over at ein gjer noko anna enn majoriteten (Eiksund, 2015).

3.3.3 Identitetshandlingar

Språkleg åferd er identitetshandlingar der individet synleggjer sin personlege identitet og søker etter sosiale roller ved hjelp av språket. Brit Mæhlum (2008a) seier til dømes at språk har eit tydeleg potensial som eit sosialt symbolsystem, der ein ser tilfelle av grunnleggjande politiske og sosiokulturelle konfliktar, som blir utspelt gjennom språkbruken. Den språklege

identiteten til enkeltindivid vil vere avhengig av kva påverknad kvar enkelt får gjennom dei språklege miljøa han eller ho er ein del av. Dei vala ein språkbrukar gjer, kan vere eit resultat av sosiale påverknadar eller ubevisste val.

Eit trekk ved tilpassingsteorien er å sjå språkleg åtferd som ein form for sosial respons, basert på språkbrukaren sitt ynskje om sosial identifikasjon med, eller distanse til, andre menneske. Den språklege konvergensen kan vere einsidig eller gjensidig, og er avhengig av ein del faktorar, der sosial symmetri versus asymmetri er svært avgjerande for kven som konvergerer med kven (Mæhlum, 2008b). I denne oppgåva, vil eg diskutere desse omgrepene, *konvergering* og *divergering*, opp mot kva respondentane og informantane seier om eigen språkleg åtferd og i lys av den sosiale konteksten elevane er i på skulen.

3.4 Haldningar til språk

Haldningar vert brukt som ein beredskap til å reagere negativt eller positivt når ein møter gitte sosiale objekt og er eit omgrep som kjem frå sosialpsykologien. Haldningane kan vere basert på faktisk kunnskap eller på eigne erfaringar, men svært ofte er desse haldningane overtatt, meir eller mindre ureflektert, frå familie eller andre grupperingar som me vel å identifisere oss med. Sidan haldningane ofte er ein integrert del av korleis me oppfattar oss sjølve og oppfatninga vår av andre, er desse svært motstandsdyktige mot forandring (Mæhlum, 2008a).

Språk har eit stort potensial til å fungere som ein konfrontasjonsskapande faktor. Vår eigen språkbruk blir kontinuerleg konfrontert med andre måtar å snakke på og andre måtar å betrakte verda på. I møte mellom menneske, vil ein kunne studere kven som tilpassar seg andre og kven som opprettheld eigen språkbruk i møte med andre (Mæhlum, 2008a). Haldningane til enkeltindivid vert forma av handlingane og utsegna frå andre menneske, og er ikkje noko som finns i mennesket som grunnleggande og upåverka.

Kapittel 4: Metode

4.1 Sosiolingvistisk metode

Sosiolingvistisk metode handlar i stor grad om å ta føremålstenlege avgjerder og avgrensingar, der valet ofte står mellom ei rekke alternative framgangsmåtar. Kunnskapen om at det er fleire måtar å gå fram på, opnar for å bruke ein stor porsjon sunn fornuft og ikkje minst kreativitet når det gjeld metodiske spørsmål. Sosiolingvistikken er tverrvitskapleg, og sentrale delar av det metodiske repertoaret kjem frå sosiolog og sosialantropologi. Med bakgrunn i dei problemstillingane eg har presentert i denne oppgåva, legg eg i hovudsak samfunnsvitskaplege metodar til grunn for arbeidet (Akselberg & Mæhlum, 2008).

I ein typisk kvantitativ sosiolingvistisk studie blir det lagt vekt på å få ei form for oversikt over språksituasjonen i eit gjeve området, og der det fyrst og fremst fokuserast på språkbruken innan ulike sosiale grupper. Dette vil eg gjere i denne oppgåva ved at eg har vald ut ulike respondentgrupper for å undersøke om språkbruken er ulik mellom dei ulike skulane og dei ulike aldersgruppene. Sidan denne oppgåva ikkje er utprega sosiolingvistisk ved at den ikkje handlar om munnleg språk, men at eg undersøker språkhaldningar til det skrivne språk, vil ikkje all metodeteori passe perfekt, men som forfattarane skriv i Språkmøte:

For at et fagområde ikke skal stivne i et fast mønster og bare bli sin egen gjentakelse, er det en kontinuerlig utfordring å forsøke å utvide og sprengre slike gamle grenser. Derfor er det viktig å minne om at det vi har lest og lært om metode, ikke må fungere som en vitenskapelig tvangstrøye (Akselberg & Mæhlum, 2008, s. 75).

4.1.1 Kvantitativ og kvalitativ metode

Eg har nytta meg av kvantitativ metode for å få oversikt over dei ulike språksamfunna eg har undersøkt. Resultata frå ei slik undersøking bør vere mest mogleg representativ, statistisk sett, for heile det samfunnet der undersøkinga finn stad. Gjennom ulike former for statistisk baserte utvalsriterier og analysemetodar, kjem ein slik fram til resultat som ein i varierande grad kan generalisere. Dette vil eg kome tilbake til seinare i kapittel 4.8.

Ein kvalitativ studie vil fyrst og fremst oppnå ei djupare innsikt og kunnskap om samanhengane mellom språk og dei konkrete individua som brukar språket. I denne tilnærminga er det viktig å hente inn kunnskap om korleis enkeltindivid opplev og tolkar verda, og den språklege røynda dei har kring seg. Her vert informanten sine subjektive og psykologiske tilhøve viktige bakgrunnsfaktorar for forskaren som skal tolke den språklege

åtferda. Ei slik tilnærming er svært individorientert og har normalt få informantar (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016). I undersøkinga mi har eg vald ei tilnærming som kombinerer både kvantitativ og kvalitativ metode.

Eg har vald å bruke kvantitativ metode i form av eit semistrukturert spørjeskjema. Sjølv om eg har vald denne tilnærminga, er det ein flytande overgang mellom dei kvantitative og kvalitative tilnærmingane i prosjektet mitt. Gjennom å stille fleire opne spørsmål om kva som ligg bak respondentane si språklege åtferd, vil det vere føremålstenleg at respondentane sjølv svarar og legg til detaljar som lukka spørsmål med svaralternativ ikkje opnar for. Nokre av desse svara har eg vald å analysere kvalitativt i form av den analysemetoden som eg skildrar i starten av kapittel 5, og nokre av desse vil eg analysere kvantitativt i form av kor ofte eit fenomen vert nemnd.

4.2 Utval og representasjon

Fokuset for denne oppgåva er å finne ut kva som gjer at elevar frå nynorskkommunar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål når dei startar på vidaregåande utdanning i Ålesund. Dette gjer at det set nokre naturlege avgrensingar i kven som kan gje informasjon om dette. I problemstillinga legg eg til grunn at eg vil undersøke språksituasjonen ved ein skule, finne ut kva som påverkar val av hovudmål og kva som er grunnane bak at elevar vel å halde på hovudmålet sitt eller vel å skifte hovudmål. Eg har vald respondentar utifrå denne problemstillinga.

4.2.1 Utval i vidaregåande utdanning

Ved å stille eit spørsmål som går på vidaregåande utdanning i Ålesund, har eg allereie gjort eit utval. Sidan eg skal studere kvifor elevar frå nynorskkommunar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål i vidaregåande utdanning i Ålesund, vart prosessen ved å finne utval delt i to. Den fyrste delen av prosessen handlar om å finne ein vidaregåande skule som ligg i Ålesund kommune, har studieførebuande utdanningsprogram, har elevar frå Ålesund kommune og har elevar frå kommunane rundt. I Ålesund er det fire fylkeskommunale vidaregåande skular som har studieførebuande utdanningsprogram og ein skule som har yrkesfagsutdanningar (Møre og Romsdal fylkeskommune, u.d.). I tillegg er det ein privat vidaregåande skule. Øvrelid (2014) gjennomførte ei undersøking ved Fagerlia videregående skole i Ålesund, og ho har tatt for seg mykje av den same tematikken som eg tar for meg i denne oppgåva. For å få eit større grunnlag for samanlikning mellom institusjonar, valde eg å

gjennomføre undersøkingane mine ved Spjelkavik videregående skole og Ålesund videregående skole. Desse to skulane har ulik geografisk plassering i kommunen og ligg om lag 13 kilometer frå kvarandre.

Den andre delen av prosessen handlar om å finne klasser der det er elevar som *har hatt* nynorsk som hovudmål og elevar som *framleis* har nynorsk som hovudmål. Eg tok kontakt med to tidlegare lærarar frå mi eiga studietid som underviser i norsk ved desse to skulane i dag. Sidan begge to er norsklærarar, har dei ei god oversikt over kva elevane i sine klasser har som hovudmål. Begge lærarane gav tilbakemelding om at dei underviser i klasser der det både er elevar som *har hatt* og som *framleis* har nynorsk som hovudmål, og dei var positive til å gjennomføre ei spørjeundersøking i klassene sine.

Eg har gjort eit strategisk utval då eg valde å ta utgangspunkt i den vidaregåande skulen. Grepstad (2015c) og Proba samfunnsanalyse (2014) understrekar at det har blitt gjort lite forsking på språkskiftesituasjonen i den vidaregåande skulen, sjølv om det verkar som om at det er i overgangen mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen at språkskiftet oftast skjer. For å få best mogleg svar i undersøkinga, valde eg å gjennomføre undersøkingane i tredjeklasse, slik eg òg kan få med meg dei som har skifta hovudmål i løpet av vidaregåande utdanning. Sidan det er gjort eit strategisk utval, vil ikkje resultata frå ei slik studie vere statistisk sett generaliserbare. Men sjølv om resultata ikkje er generaliserbare, vil kunnskapen som kjem til syne vere like relevant og viktig, fordi den gjer ulike mekanismar synlege som kan vere med å bestemme enkeltindividet sine språklege handlingar og åtferd. Med resultata frå denne undersøkinga og frå undersøkinga til Øvrelid (2014) kan ein kanskje kunne sjå tendensar til kvifor elevar gjer som dei gjer, men det er likevel ikkje nok til å seie noko om alle elevar ved dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal, ei heller i Ålesund.

4.2.2 Utval i ungdomsskulen

Fokuset for studien er på språkskifte i vidaregåande utdanning, men som Grepstad (2015c) med fleire skriv, skjer desse skifta ofte i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande. Dette har eg lyst til å finne ut meir om, så i tillegg til undersøkingar av kva elevar i vidaregåande utdanning har gjort, vil eg finne ut om det er elevar i ungdomsskulen som har tankar om kvifor dei skriv den målforma dei skriv og om dei kjem til å halde på den målforma på vidaregåande.

For å finne respondentar til undersøkinga i ungdomsskulen, tok eg utgangspunkt i ein kommune med stor utpendling av elevar til dei vidaregåande skulane i Ålesund, kor stor kommunen er og kor nær kommunen er Ålesund. Eg valde Haram kommune som utgangspunkt for undersøkinga og Brattvåg ungdomsskule som er den største ungdomsskulen i kommunen. I Haram er det ein vidaregåande skule, og i følgje statistikk frå Møre og Romsdal fylkeskommune kan ein sjå at det er 151 elevar frå Haram som går på vidaregående i Ålesund kommune (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017). Eg tok kontakt med ein norsklærar ved skulen for å høyre om ei 10.klasse kunne tenkje seg å vere med på spørjeundersøkinga. Læraren gav tilbakemelding om at det var to klasser i 10.trinn som kunne tenkje seg å delta i undersøkinga. Tid og stad for gjennomføring fekk læraren sjølv bestemme¹.

4.3 Spørjeundersøkingane

For å kunne få gode svar i ei spørjeundersøking, er det viktig at ein legg ned ein del arbeid i forkant av gjennomføringa. Eit spørjeskjema bør ikkje endrast i etterkant av ei undersøking, noko som gjer at ein må gjere dette grundig (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016). I arbeidet med å finne form og innhald til spørjeskjema til vidaregåande og ungdomsskulen, såg eg korleis andre som har studert og forska på språkhaldningar og skriftspråk, har sete opp skjema sine. Dette har eg gjort for å sjå kva type spørsmål som er føremålstenleg å stille, korleis eg på best mogleg måte kan lage eit oppsett som er intuitivt og der eg kan få henta ut den informasjonen ein treng. Eg har henta inspirasjon frå mellom anna Rotevatn (2014) og Øvreliid (2014) når det gjeld utforming og oppbygging av skjemaet. Sidan Øvreliid (2014) har studert haldningar til skriftspråk ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal, såg eg det som nyttig for validiteten av oppgåva mi å sjå på resultata frå undersøkinga og metodekritikken ho sjølv har kome med. Johannessen med fleire (2016) meiner at det kan vere ein fordel å bruke spørsmål frå andre spørjeskjema frå andre undersøkingar, slik at ein kan samanlikne resultat med andre undersøkingar. Eg har ikkje spørsmål frå Rotevatn (2014) eller Øvreliid (2014) i undersøkingane mine, men eg har gjort nokre tilpassingar til mitt eige tema med utgangspunkt i desse for å få gode spørsmål og forhåpentleg få gode svar.

¹ Læraren ved Brattvåg ungdomsskule er mor mi. Ho gjennomførte undersøkinga i to klasser som ho sjølv ikkje har undervisning i.

I undersøkinga vil eg stille spørsmål kring kunnskap, haldningar, handlingar og vurderingar. Dette er dei fire kategoriane Johannessen (2016) deler inn spørsmåla i spørjeundersøkingar. I tillegg stiller eg bakgrunnsspørsmål om kjønn, alder, studiestad og bustad. Dette gjer eg for å kartleggje kvar elevane kjem frå, kvar dei går på skule no og kva målform dei har nytta i utdanningsløpet. Ved å stille desse bakgrunnsspørsmåla i undersøkinga, kan eg kanskje danne eit lite grunnlag for å seie noko om korleis stoda for nynorsken er i området kring Ålesund og Sunnmøre.

I spørjeundersøkingane brukar eg semistrukturerte skjema, der eg både har med førehandsdefinerte svaralternativ og opne spørsmål der elevane skriv sjølve. Dei opne spørsmåla kan føre til eit generaliseringsproblem ved at ein ikkje kan bruke svara på same måte som førehandsdefinerte svaralternativ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016). Det er lettare for forskaren å registrere svara til respondentane når dersom ein brukar førehandsdefinerte spørjeskjema, men det gjer at det blir vanskeleg å fange opp informasjon utanom dei svaralternativa som er der. Johannessen med fleire (2016) seier mellom anna at opne spørsmål der respondentane svarar med eigne ord, er særleg gunstige å bruke når ein skal undersøke eit lite kjent fenomen. Denne semistrukturerte undersøkinga gjer det mogleg å fange opp informasjon om haldningar og meininger i større grad enn om eg berre skulle ha brukt eit førehandsdefinert spørjeskjema.

4.3.1 Spørjeundersøkinga på ungdomsskulen

I denne delen av undersøkinga vil eg finne ut om elevane i ungdomsskulen har skifta hovudmål eller har tankar om dei vil halde på hovudmålet sitt på vidaregåande. Når ein skal undersøke eit fenomen som enno ikkje har skjedd, er det svært viktig at forskaren ikkje legg føringer for korleis den framtidige handlinga skal vere. Eg var ei stund i tvil om eg ville gjennomføre denne undersøkinga i ungdomsskulen, sidan desse elevane skulle starte på vidaregåande utdanning hausten etter. Då eg utforma spørsmåla til denne undersøkinga, var eg svært bevisst på at eg ikkje skulle gje nokon indikasjon på om eit svar var *rett* eller *feil*. For dersom elevane oppfattar eit svar som feil, vil dei mogleg endre åtferd, noko som ikkje er naturleg.

Spørsmåla er utforma med tanke på at dette er ungdommar som er 15-16 år gamle og med klare instruksjonar på kva spørsmål dei skal svare på. Eg har laga to spørsmål som er opne og som elevane kan svare på sjølve. Det fyrste spørsmålet er todelt og handlar om kvifor

respondenten vil skifte hovudmål på vidaregåande eller kvifor respondenten vil halde på hovudmålet på vidaregåande. Det andre spørsmålet handlar om kvifor respondenten skriv nynorsk eller bokmål.

Ei utfordring som eg vil diskutere nærmare i delkapittel 4.3.2, er bruk av språk i undersøkingane. I denne delen av undersøkinga skreiv eg både samtykkeskjemaet og spørjeskjemaet på nynorsk. Brattvåg ungdomsskule ligg i ein kommune som har nynorsk som administrasjonsspråk og lærarane ved skulen underviser på nynorsk. Sidan nynorsk er ein del av den språklege skulekvardagen til elevane, valde eg å gjennomføre denne undersøkinga på nynorsk. Sidan dette er ei undersøking om språk og haldningar til språk, må eg vere viss på kva haldningar eg sjølv som forskar formidlar gjennom spørjeundersøkinga.

4.3.2 Spørjeundersøkinga på vidaregåande

Spørsmåla i denne delen av undersøkinga er utvikla på same måte som skjemaet i ungdomsskulen, men her har eg med fleire opne spørsmål og fleire bakgrunnsvariablar. I denne undersøkinga svarer respondentane på kva skule dei har gått på tidlegare, kva kommune dei kjem frå, om dei har skifta hovudmål, når dei skifta hovudmål og kven som eventuelt har påverka dei til å skifte hovudmål. Det er med spørsmål der respondentane skal ta stilling til tre utsegn om nynorsk og bokmål og utdjupe kvifor dei meiner det. I tillegg får respondentane spørsmål om kvifor dei skriv nynorsk eller bokmål og så skal dei grunngje val av språk i kvardagen. I desse opne spørsmåla kan respondentane gje uttrykk for meiningar og haldningar til språk, og seinare vil eg gå gjennom korleis eg vil analysere desse opne spørsmåla.

I denne delen av undersøkinga var det spesielt viktig for meg å ikkje vise mine eigne haldningar til språk gjennom utforminga av spørjeskjemaet. Som forskar ynskjer eg å få fram meiningane til respondentane utan å påverke dei til å svare i den eine eller den andre retninga. Sidan Ålesund kommune er ein *språknøytral* kommune, kunne eg ha skrive både bokmål og nynorsk i skjemaet, men i lys av det Tove Bull (2004) skriv om nynorsk som minoritetsspråk, valde eg å gjennomføre undersøkinga på vidaregåande på bokmål. I følgje Bull (2004) vert bokmål i større grad oppfatta som nøytralt, medan nynorsk vert oppfatta som ein invitasjon til ein språkpolitisk diskusjon. Sidan majoriteten av respondentane i undersøkinga på vidaregåande har bokmål som hovudmål, gjorde eg eit bevisst val om å gjennomføre denne på bokmål.

4.4 Gjennomføring av spørjeundersøkingane

Begge spørjeundersøkingane vart gjennomførte mai 2016. Eg var ikkje til stades ved undersøkinga ved Brattvåg ungdomsskule. Læraren fekk tilsendt spørjeundersøkinga for ungdomstrinnet og skreiv ut desse sjølv. Læraren informerte klassene om at undersøkinga var ein del av ei masteroppgåva ved NTNU, at det er heilt frivillig å delta i undersøkinga og at ingen vil kunne kjenne igjen svara sine i den endelege oppgåva. Spørjeundersøkinga vart gjennomført i to 10.klasser og spørjeskjema vart levert til underteikna i løpet av mai. Ved Brattvåg ungdomsskule fekk eg inn 36 av 43 moglege svar.

Eg valde sjølv å gjennomføre spørjeundersøkinga ved dei vidaregåande skulane. Dette var for å sikre at elevane ved begge skulane fekk den same informasjonen. Elevane fekk informasjon om kva prosjektet gjekk ut på, at det var frivillig deltaking i prosjektet og at ein når som helst kunne trekke samtykket sitt. Elevane fekk eitt eksemplar av undersøkinga kvar og eg samla inn alle då dei var ferdige. Ved Ålesund vgs fekk eg inn 26 av 29 moglege svar og på Spjelkavik vgs fekk eg inn 20 av 21 moglege svar.

4.5 Intervjuguide og gjennomføring av intervju

Eg valde tidleg i arbeidet med oppgåva å ta med intervju som ein supplerande metode til den kvantitative spørjeundersøkinga. Eg la spørsmåla frå undersøkinga til grunn for intervjet, slik at respondentane fekk høve til å utdjupe svara frå undersøkinga. Intervjuguiden inneheld nokre førehandsbestemte spørsmål som gjekk inn på kvar informanten er frå, kvifor informanten valde å skifte eller halde på nynorsk som hovudmål og på kva måte ein kan legge betre til rette for elevar med nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Intervjuguiden hadde òg oppfølgingsspørsmål til informantane som vart brukt dersom informantane svarte noko spesielt. Dette vart gjort for å få informantane til å greie ut kvifor dei tenkte slik eller meinte noko.

Etter eg utarbeida intervjuguiden, måtte eg finne ut kva kriterier informantane skulle oppfylle. For å få mest mogleg spreiing, valde eg å intervju to informantar frå kvar av dei vidaregåande skulane. På kvar skule ynskja eg å intervju ein informant som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål ein gong i løpet av opplæringa og ein informant som har halde på nynorsk som hovudmål gjennom opplæringa. I forkant av besøket på Ålesund vgs og Spjelkavik vgs, tok eg kontakt med dei to lærarane ved skulane for å be dei gje klassene sine

beskjed om at det var høve til å delta i intervju i etterkant av spørjeundersøkinga. Då eg kom til skulane den dagen, var eg førebudd på at eg kanskje ikkje fann nokon informantar som eg kunne intervju.

Etter eg hadde gjennomført spørjeundersøkingane i klassene, spurte eg klassa om det var nokon som kunne tenkje seg å delta i eit intervju om temaet. Som skrive over, har eg vald kva kriterier informantane skal oppfylle i forkant. Denne teknikken vert kalla *judgement sampling* og seier at informantane skal ha dei sosiale variablane som ein krev for å finne svar på enkelte spørsmål. Fire elevar frå Ålesund vgs var interesserte i å delta og tre interesserte frå Spjelkavik vgs. To elevar frå kvar klasse vart vald ut til å bli intervjua og tekne med ut av klasserommet til eit område der det var lite forstyrringar. Informantane fekk i starten av intervjuet informasjon om undersøkinga munnleg, rettane dei har til å trekke samtykke når som helst utan grunn og kva intervjuet blir brukt til i etterkant. Intervjuet vart tekne opp på mobiltelefon og ingen personlege opplysningar vart registrert på opptaket. Informantane fekk i etterkant av intervjuet høve til å gje meg kontaktinformasjon dersom dei ynskja å sjå gjennom den ferdige oppgåva før den vert publisert. Dette høvet nytta tre av informantane seg av.

4.6 Koding av data

Eg har fleire opne spørsmål i spørjeundersøkingane, der respondentane sjølv må grunngje eigne val gjennom tekstproduksjon. For å kunne analysere og tolke slike opne svar, må ein strukturere denne tekstdaten for å få ei betre oversikt over materialet. Eg har her brukt ein framgangsmåte der eg ordnar svara i ulike kategoriar. I lange tekstuddrag kan det vere vanskeleg å finne fram til det som er essensielt for det du skal undersøke, så då kan koding vere eit godt verktøy å bruke i denne prosessen. Eg har brukt koding ved å finne fram til «*ett eller noen få stikkord som kan beskrive eller karakterisere et større utsnitt av teksten*» (Grønmo, 2004, s. 246). Det er desse stikkorda me kallar for kodar, og ein deler desse inn i deskriptive, fortolkande og forklarande kodar. I starten av analysen av dei opne spørsmåla i spørjeundersøkingane, tok eg utgangspunkt i rådata og dei deskriptive kodane. Dette vil seie at empirien er styrande for kva kodar som vert nytta, og dette gjer igjen at forskaren kan oppdage overraskande fenomen, samanhengar og mønster. Vidare tok eg sikte på å utvikle kategoriar som fanga opp felles eigenskapar med ulike fenomen. Det eg tykte var utfordrande, var å finne gode nok kategoriar for analysane. Eg gjorde derfor nokre undersøkingar i andre masteroppgåver for å finne inspirasjon til korleis ein kan kode på ein føremålstenleg måte. I

masteroppgåva til Idsøe (2016) fann eg ein referanse til Kleggetveit (2013) som har delt inn i relevante kategoriar for å definere ulik språkleg åtferd. Denne analysemetoden kjem eg nærmare tilbake til i kapittel 5. Eg har brukte same analysemetoden og koder i dei kvalitative intervjuene som eg har gjort i dei kvantitative spørjeundersøkingane.

4.7 Etiske retningslinjer

Når ein skal forske med og om menneske er det viktig å følgje dei etiske retningslinjene for forsking. I dette prosjektet har eg samla inn personopplysningar som skal handsamast, og i den samanhengen melde eg inn prosjektet til Norsk samfunnsvitenskap datatjeneste AS². Eg melde prosjektet inn til NSD 18.april 2016 og vart kontakta av tenesta 18.mai 2016 for å avklare korleis eg skulle få informantar til intervju. Personvernombodet vurderte prosjektet og fann at handsaminga av personopplysningar er meldepliktig i tråd med personopplysningsloven § 31. Dette har både med at eg har vald å gjennomføre intervju med opptak av røyster, men òg fordi eg samlar inn informasjon som kan vere direkte identifiserbare.

Det som eg har vore veldig påpasseleg med i denne undersøkinga, er å gje elevane ved ungdomsskulen tilpassa informasjon om prosjektet og sørge for at dei forstår at deltakinga er frivillig. Som NSD skriv i vedlegg 3, står elevane i eit bunde samband til skulen, og når ein skal gjennomføre ei slik undersøking i skulen, vil det vere riktig og viktig å understreke at eit nei til deltaking i prosjektet ikkje er med på å påverke forholdet til skulen om dei vil vere med i prosjektet eller ikkje. Eg har òg hatt dialog med NSD kring samtykke frå elevar som er under myndighetsalder. Her har eg fått tilbakemelding at dersom eg ikkje legg opp til at eg kan finne tilbake til elevane i ettertid, at dette skal gå bra utan samtykke frå foreldre. Som ein kan sjå i vedlegg 1, er det ingen spørsmål der ein kan finne den konkrete eleven bak dei ulike spørsmåla eller utsegna dei har kome med i undersøkinga.

Intervjufilene har eg sletta frå mobilen som eg tok opp lyd med, og lagt i ei lukka mappe på privat datamaskin. Denne mappa er ikkje kopla opp mot ein nettserver, og er passordbeskytta. Svara frå spørjeundersøkingane har eg i ei fysisk mappe som eg har oppbevart i eit lukka skap som berre eg har tilgang til. I etterkant av prosjektlutt vil eg anonymisere alt material og destruere desse.

² Vedlegg 3 og 4

4.8 Kvaliteten på undersøkingane

I eit forskingsarbeid er det viktig å vurdere kvaliteten på arbeidet som har blitt gjort. Dette er uavhengig om det er ei kvantitativ eller kvalitativ undersøking. I denne oppgåva har eg gjort mitt beste for å gjere framgangsmåten synleg for den som skal lese og vere open på at mine personlege verdiar og interesser er med på å påverke prosessen. Sidan eg har nytta meg av både kvalitative og kvantitative innsamlingsmetodar, vil eg seie at truverdet til undersøkinga er god. Dette er fordi eg har nytta intervju, kvantitativ innsamling i spørjeundersøking og kvalitativ analyse av opne svar i spørjeundersøkinga. Ved å undersøke eit fenomen i fleire settingar, vil ein kunne styrke truverdet til resultatet (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, s. 232).

I kvalitativ forsking er det svært vanskeleg å stille krav til reliabilitet. Når ein ikkje nytta strukturerte datainnsamlingsteknikkar, men brukar samtalar der forskaren sjølv er med, vil ein ikkje kunne gjere det same forskingsopplegget på ny. Datamateriellet er verdilada og kontekstavhengig, men ved å gje lesaren ei inngåande skildring av kontekst og ei ope og detaljert framstilling av framgangsmåte under heile forskingsprosessen, kan ein kan gjere resultata meir påliteleg (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, s. 231). Ved å gå gjennom prosessen for innsamling av data, gjere greie for mitt eige standpunkt i saka og dei refleksjonane eg har hatt kring språkval i undersøkingane, meiner eg sjølv at dette gjer resultata frå denne undersøkinga påliteleg.

Resultata frå denne undersøkinga er i svært liten grad mogleg å generalisere. Det er ikkje eit statistisk godt grunnlag for å kunne seie noko om aldersgruppa som heilskap, om språksamfunnet i området, ei heller om kva tiltak ein kan setje i gang for å snu trenden om språkskifte. Men studien kan seie noko om tendensar og vere med som grunnlag i andre undersøkingar for å seie noko om fenomenet. Sidan eg tok utgangspunkt i Øvrelid (2014) si masteroppgåve då eg laga spørsmåla til undersøkinga, kan ein kunne samanlikne og sjå resultata i ein større samanheng. Sidan eg har nytta analysemødellen til Kleggetveit (2013), vil ein òg kunne sjå resultata opp mot det ungdomar i Agder seier og meiner om nynorsk.

Kapittel 5: Resultat

I dette kapittelet vil eg presentere resultata frå spørjeundersøkinga mi i ungdomsskulen og i vidaregåande, og frå dei kvalitative intervjuia. Eg vil fyrst gå gjennom dei kvantitative resultata, men vil samstundes supplere med dei kvalitative analysane av spørsmåla frå spørjeundersøkinga. Etter å ha analysert resultata frå spørjeundersøkinga, vil eg ta for meg respondentsvara frå intervjuia. Svara frå spørjeundersøkinga frå dei vidaregåande skulane vil eg slå saman til ei respondentgruppe når eg skal analysere haldninga til språk.

Respondentsvara som eg nyttar i denne delen av oppgåva, vil verte siterte slik dei er, der eventuelle skrive- og teiknsetjingsfeil er med. Der eg utelet delar av sitatet frå ein respondent, vil eg nytte hakeparantes.

Eg vil, som Idsøe (2016) og Kleggetveit (2013) har gjort i masteroppgåvene sine, dele utsegnene som respondentane har ytra, inn i fem ulike kategoriar. Den første kategorien, *omgjevnad*, inneheld underkategoriar som vane, skriftspråket i lokalsamfunnet, skriftspråket i undervisninga og skriftspråket til familie, vene og klassekameratar. I kategorien *kompetanse* kjem utsegn som handlar om å meistre den eine målforma betre, eller at ein ser ein nytteverdi med å bruke det eine målforma framfor den andre i framtida eller på noverande tidspunkt. *Identitet og tilhøyrsle* handlar om at skriftspråket liknar mest på talemålet til respondenten, eller at respondentane på ein eller annan måte identifiserer seg med skriftspråket. Den fjerde kategorien, *estetikk*, handlar om positive verdidomar som respondenten har til sitt eige hovudmål, eller negative verdiar til det andre hovudmålet. Den siste kategorien er *språkpolitiske argument* der ein viser at respondentane står i ei form for opposisjon til det andre skriftspråket, eller uttrykkjer eit ynskje om å ta vare på hovudmålet sitt (Idsøe, 2016; Kleggetveit, 2013). Eg vil fyrst gå gjennom resultata frå kvar enkelt skule, før eg går vidare til å analysere dei kvalitative dataa.

5.1 Brattvåg Ungdomsskule


Det er 36 respondentar som svarte på undersøkinga ved Brattvåg ungdomsskule. 34 respondentar har nynorsk som hovudmål, medan to har bokmål som hovudmål. Ein av desse har bytta frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen, mens ein av respondentane skifta hovudmål frå bokmål til nynorsk på barneskulen. Åtte av 36 respondentar seier at dei vil skifte frå

nynorsk til bokmål som hovudmål på vidaregåande. Av desse er det seks gutter og to jenter. Kva som ligg bak dette ynsket, vil eg gå gjennom seinare i analysedelen.

5.1.1 Kvifor skriv du nynorsk eller bokmål?

Respondentane ved Brattvåg ungdomsskule viser stort sett til dei same argumenta for kvifor dei skriv bokmål eller nynorsk. Som me kan sjå i figur 5.1, har eg delt inn respondentane i to grupper, dei som skriv nynorsk og dei som skriv bokmål. Fem respondentar skriv at dei skriv bokmål, 30 seier dei skriv nynorsk og ein respondent har svara blankt. I svara til dei som skriv nynorsk, har eg identifisert 28 argument som fell inn under kategorien *omgjevnad*. Mange av desse svara handlar om at respondentane har skrive nynorsk sidan 1.klasse og ikkje ynskjer å skifte, eller fordi det er det språket som er mest vanleg i området der dei bur. Vidare har eg identifisert fire utsegn som handlar om *kompetanse*. Ein respondent skriv: «*Bedre i nynorsk enn bokmål [...] det er lettast og halde på det same skriftspråke*» (respondent ved Brattvåg ungdomsskule). Det er berre ein respondent som skriv at den skriv nynorsk på grunn av *identitet og tilhøyrslle*. Denne respondenten trekk fram at «*[...] nynorsk passar «bedre» til vår dialekt*».


Ser ein til dei som seier at dei skriv bokmål, er det argumenta som går på kompetanse som er mest brukt. Fem respondentar seier at dei skriv bokmål fordi det er enklare å bruke og at det er bokmål som er lettast å skrive. Det er to respondentar i denne gruppa som seier at bokmål er meir naturleg og «*føler det er rett for mei*» (respondent ved Brattvåg ungdomsskule)



Figur 5.1 Argumentasjon for hovudmål ved Brattvåg ungdomsskule.

5.1.2 Forventa målform på vidaregåande

I spørjeundersøkingane fekk respondentane svare på om dei kjem til å skifte hovudmål på vidaregåande og kvifor dei vil det eller ikkje. Åtte respondentar svara at dei ynskjer å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål på vidaregåande. 28 respondentar svara at dei vil halde på hovudmålet sitt på vidaregåande, og to av desse har bokmål som hovudmål ved gjennomføring av undersøkinga. Ser ein på den samla oversikta over grunnar, finn me at *omgjevnadar* er den største grunnen til å halde på eller skifte hovudmål. Her ligg det både svar som «*Fordi det er mest vanleg med bokmål der eg skal gå neste år*» og «*Fordi hovudmålet på videregående er nynorsk, så eg kjem ikkje til å bytte hovudmål*».




Figur 5.2 Grunnar til å halde på nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Brattvåg ungdomsskule.

Respondentane svarar i stor grad at det er fordi dei alltid har hatt nynorsk, som gjer at dei vil halde fram med det på vidaregåande. Den nest viktigaste grunnen er kompetansen dei har i språket. Det er berre blant dei som ynskjer å halde fram med nynorsk som hovudmål at det blir trekt inn språkpolitiske argument, som til dømes «*Viktig å behalde Nynorsken*» og «*Fordi eg synest at det er viktig å skrive nynorsk og eg likar nynorsk. For meg er nynorsk ein viktig del av Noreg og det gjer at det er viktig å bevare*».

I figur 5.3 kan me sjå oversikta over kva grunnar respondentane gjev for å skifte hovudmål. I desse tala ligg det to svar som eigentleg kjem frå grunnar til å halde på hovudmål, men desse går på kvifor halde på bokmål som hovudmål. Difor er desse to svara teke med i denne framstillinga. Her finn me utsegn som «*Fordi det er mest vanleg med bokmål der eg skal gå neste år*», «*Fordi eg likar betre bokmål. Eg kjem nok også til å flytte til østlandet så da er det*

meir normalt. Ej synst også att det kling betre og er finere» og «For eg hatar nynorsk».

Respondentane i denne kategorien brukar ingen *språkpolitiske argument* for å argumentere for kvifor desse ynskjer å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Det er i stor grad argument som går på *omgjevnad* og *kompetanse*. Nokre av desse elevane seier at dei ynskjer å flytte til ein annan stad i landet når dei vert eldre, og vil difor skifte hovudmål for å «passe inn» i den nye omgjevnaden.



Figur 5.3 Grunnar til å skifte hovudmål på vidaregåande. Brattvåg ungdomsskule.


5.1.3 Språk på fritida

29 av 36 respondentar ved Brattvåg ungdomsskule seier at dei i hovudsak brukar dialekt på fritida når dei skal skrive. Av desse er det ein elev som har bokmål som hovudmål. Det som er interessant i undersøkinga er at det er fem elevar som har nynorsk som hovudmål som skriv mest bokmål på fritida. I kategorien *andre* kan me finne engelsk og andre språk som elevane kan bruke på fritida. Nokre av elevane har ikkje spesifisert kva dette andre er. Sidan elevane hadde høve til å gje fleire svaralternativ, er desse tala ikkje absolutte.

5.2 Ålesund videregående skole

Ved Ålesund videregående skole³ vart det gjennomført ei spørjeundersøking med 26 respondentar. Det er ingen som har skifta hovudmål frå bokmål til nynorsk i denne delen av undersøkinga. Ved Ålesund vgs er det 65% som har skifta hovudmål ein eller anna gong i løpet av skuletida. Dette er 17 personar i absolute tal. Dette viser at respondentane i stor grad, og i like stor grad som Grepstad (2015c) viser til i Språkfakta 2015, skiftar hovudmål før dei startar på vidaregåande. Vidare skal me sjå kva grunnar desse respondentane seier ligg bak språkskiftet.


³ Ålesund videregående skole vert vidare i oppgåva omtala som Ålesund vgs.




Figur 5.4 Oversikt over språkskifte frå nynorsk til bokmål ved Ålesund vgs.

5.2.1 Kvar kjem elevane frå?

Respondentane i denne undersøkinga kjem frå kommunane Ålesund, Giske, Haram, Sula, Norddal og Aukra. Ein kommune ligg i Romsdalen medan dei fem andre ligg på Sunnmøre. Norddal er den kommunen som er lokalisert lengst vekk frå skulen. Det som overraskar meg mest i denne delen av undersøkinga, er kor mange frå Giske kommune som skiftar hovudmål etter ungdomsskulen. Som ein kan sjå i figur 5.5, har alle 10 respondentane frå Giske hatt nynorsk som hovudmål i ungdomsskulen. I figur 5.6 kan me sjå at sju av desse respondentane har svara at dei har skifta hovudmål på vidaregåande eller før dei starta på vidaregåande. Dette vil eg kalle ein drastisk nedgang. Den same tendensen kan me sjå hos dei frå Ålesund kommune òg. Dei som har svara at dei har hatt nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen, kjem frå Ellingsøya, ein av fleire krinsar i Ålesund kommune som framleis har nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen. Begge desse har skifta til bokmål. Det same kan me sjå i Sula kommune, der hadde begge respondentane hatt nynorsk som hovudmål i ungdomsskulen og har skifta hovudmål på vidaregåande.




Figur 5.5 Skiftspråk i ungdomsskulen. Ålesund vgs.



Figur 5.6 Skriftspråk i videregående. Ålesund vgs.

5.2.2 Når skiftar elevane hovudmål?


Det er 17 respondentar som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av grunnopplæringa. Som me ser i figuren under, er det majoriteten av respondentane, 56%, som har skifta hovudmål i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule eller i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande. Sjølv om det er mange som har skifta hovudmål i desse overgangane, så er det ein god del av respondentane som har skifta hovudmål i løpet av vidaregåande, 44%.



Figur 5.7 Når skiftar elevane hovudmål? Ålesund vgs.

5.2.3 Kvifor skiftar elevane hovudmål?

I spørjeundersøkinga fekk respondentane høve til å krysse av fleire svaralternativ. Dette er grunnen til at tala ikkje stemmer overeins med dei absolutte tala som er vist til tidlegare i oppgåva. Halvparten, ti av respondentane, seier at dei skifta hovudmål fordi det då var enklare å få god karakter i hovudmål og sidemål. Respondentane vel altså bort nynorsk som hovudmål fordi dei meiner at det vil slå positivt ut på karakterane. Seks av respondentane seier at dei skifta hovudmål fordi dei ikkje kunne hovudmålet sitt godt nok. Desse seks respondentane kom frå Giske, Ålesund og Norddal kommune. Den siste kategorien som vart nemnt, er «på grunn av undervisningsspråket». Det er tre respondentar som har svart dette alternativet.



Figur 5.8 Årsakar til språkskifte ved Ålesund vgs.

5.3 Spjelkavik videregående skole

I tala frå Spjelkavik videregående skole⁴ finn me at det er ein del færre som har hatt nynorsk tidlegare i opplæringsløpet enn ved Ålesund vgs og at det er eit mindre respondentutval. I tillegg er det fleire respondentar som alltid har hatt bokmål som hovudmål. Det gjer at resultata frå denne delen av analysen vil verte litt mangelfull.

5.3.1 Kvar kjem elevane frå?

Respondentane frå Spjelkavik vgs skil seg ut frå dei frå Ålesund vgs ved at dei er frå færre kommunar. Ein respondent er frå Giske kommune, 17 respondentar er frå Ålesund kommune og to respondentar er frå Norddal kommune. Av desse respondentane har både representantar frå Giske, to frå Norddal og tre frå Ålesund hatt nynorsk som hovudmål i ungdomsskulen, medan 14 respondentar frå Ålesund har hatt bokmål som hovudmål.

Ser ein vidare til kva elevane har som hovudmål på vidaregåande, finn ein ut at det er nokre respondentar som har skifta hovudmål. Respondenten frå Giske har gått over frå å skrive nynorsk på ungdomsskulen til å skrive bokmål på vidaregåande. Det same gjeld to av dei som har hatt nynorsk på ungdomsskulen frå Ålesund kommune. I denne klassa på 20 elevar er det berre tre respondentar som har nynorsk som hovudmål i vidaregåande.

5.3.2 Når og kvifor skiftar elevane hovudmål?

Respondentane ved Spjelkavik vgs har skifta hovudmål på ulike stadar i utdanningsløpet. Ein respondent skifta hovudmål på ungdomsskulen, ein skifta hovudmål i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande og den siste skifta hovudmål på vidaregåande. To av respondentane seier dei skifta hovudmål fordi dei ikkje kunne hovudmålet sitt godt nok, medan to seier det var enklare å få god karakter i hovudmål og sidemål, medan ein respondent seier det er fordi det var vanskeleg å blande to målformer.

5.4 Kva haldningar har respondentane til tre utsegn om språk?

I spørjeundersøkinga ved dei vidaregåande skulane, skulle respondentane ta stilling til tre ulike utsegn og vidare grunngje kvifor dei meinte denne utsegna passa best. Desse tre utsegna var: «*Bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg*», «*Nynorsk er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg*» og «*Nynorsk språk passar best i skjønnlitteratur*». Eg valde å stille respondentane i spørjeundersøkingane desse spørsmåla for å kartlegge kva haldningar

⁴ Spjelkavik videregående skole vert vidare i oppgåva omtala som Spjelkavik vgs.


elevane har til kva som er eit «nøytralt språk». Eg har vald å slå saman dei to respondentgruppene frå Ålesund vgs og Spjelkavik vgs og sjå desse som ein heilskap.

5.4.1 «Bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg»

Det er 33 av 46 respondentar ved Ålesund vgs og Spjelkavik vgs som har svara at *bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg*. I denne gruppa er det 17 som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare i utdanningsløpet. Eg deler inn dei ulike svara i tråd med dei fem kategoriane som er skildra i innleiinga til resultatdelen.

Eg vil trekke fram nokre av respondentutsegna under:

- «*Bokmål har størst oppslutning. Er kun et skriftsspråk!*» (respondent Spjelkavik vgs)
- «*Fordi majoriteten av befolkningen har et talemål som ligner mest på bokmål.*» (respondent Ålesund vgs)
- «*Det er denne målformen vi høyrer mest. Den målformen har også mindre ukjente ord. Nynorsk kan greitt nok passe mange dialekter, men siden det blir litt av allt vil der vere ord som er vanskeleg å forstå.*» (respondent Ålesund vgs)
- «*Av praktiske årsaker. Det å ha to målformer tjener ingen hensikt. Ett folk trenger ett språk – ett skriftspråk*» (respondent Spjelkavik vgs).
- «*To målformer er bare helt fåelig. Det gjør norsk mye vanskligere og mye mer kjedelig. Det skaper bare flere problemer enn det er verdt. Bokmål blir brukt av flere nordmenn enn nynorsk, og nynorsk problematiserer læring og forståelse av norsk. Nynorsk gjør det også mye verre for immigranter å lære og forstå språket. Alt i alt så er nynorsk bare noe nasjonalistisk tullball.*» (respondent Spjelkavik vgs).



Figur 5.9 "Bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg" - respondentsvar

Respondentane som svara at *bokmål er eit nøytralt språk som passar heile Noreg* gjev fleire ulike argument for kvifor dei meiner denne utsegna passar best av dei tre dei fekk som alternativ. For å vise at elevane brukar ulike argument når dei argumenterer for eit utsegn, valde eg å vise desse argumenta i form av ei enkel oppstilling og inndeling etter kva ord dei har brukt. Under vil de sjå korleis desse utsegna som heilskap passar inn i den analysemodellen eg har vald i denne oppgåva. I dei 33 respondentsvara har eg identifisert 24

svar som fell inn under kategorien *kompetanse*. Her argumenterer respondentane med mellom anna at bokmål er lettare enn nynorsk. Den nest største kategorien er *omgjevnad* og blir brukt av 22 respondentar. Dette vil seie at mange av dei som brukar argument om kompetanse òg brukar argument som går på *omgjevnad*. Dette kan me sjå i nokre av sitata som er trekt fram ovanfor. Det er ingen respondentar som brukar argument om *identitet og tilhøyrssle*. Det er nokre utsegn som kunne ha blitt plassert i denne kategorien, men desse utsegna handlar om at bokmål kan passe til dei fleste dialektene, og vil passe betre under *omgjevnad* sidan det handlar om fleirtalet av noko. Seks respondentar skriv argument som passar inn under *estetikk*, og fem av desse handlar om negative verdidomar til nynorsk. Eitt av utsegna går på positive haldningar til bokmål. I den siste kategorien, *språkpolitiske argument*, finn me fem utsegn. Desse utsegna har eg vald å plassere i denne kategorien fordi dei går på tilhøva mellom dei to målformene og om det er behov for å ha to målformer i Noreg. Alle fem utsegnene handlar om at to målformer er *upraktisk, lite hensiktsmessig* og *tåpeleg*.

5.4.2 «Nynorsk er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg»

Seks av 46 respondentar svara at *nynorsk er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg*. Her argumenterer respondentane mellom anna med at dei tykkjer nynorsk språk er fint og er ein del av identiteten til Noreg og at det er eit språk som representerer folk frå heile landet betre enn bokmål. Under kan de sjå to av utsegna i denne kategorien.

- «*Fordi jeg synes nynorsk representerer folk fra hele landet bedre enn bokmål.*» (respondent ved Spjelkavik vgs).
- «*Jeg synest at nynorsk språk er fint og at det er en del av identiteten til Norge. Jeg synest det er trist at folk fra Østlandet vil bli kvitt nynorsk bare fordi de fikk dårlig karakter på eksamen i nynorsk.*» (respondent ved Ålesund vgs).

5.4.3 «Nynorsk språk passar best i skjønnlitteratur»

Seks av 46 respondentar har svara at dei meiner at nynorsk språk passar best i skjønnlitteratur. Her trekk mange fram at klangen og melodien i språket gjer meir identitet til dei litterære verka og at diktet blir meir *norsk* på nynorsk.

- «*Nynorsk passer best i skjønnliteratur fordi det har en klang i seg som gjør det estetisk passende i skjønnliteratur.*» (respondent Spjelkavik vgs).
- «*Jeg mener at dikt/tekst blir mer «norsk» på nynorsk.*» (respondent Ålesund vgs).

5.4.4 Oppsummering

Eg ser i etterkant av undersøkinga at eg eigentleg burde ha tatt vekk den siste utsegna, *nynorsk passar best i skjønnlitteratur*, for når den er med, er det vanskeleg å kunne seie noko om skilnaden mellom argumenta. Dette har samanheng med at eg ikkje tenkte godt nok gjennom kva eg ville få ut av dette spørsmålet. Men det er noko som er interessant og som eg bør kommentere særskild. Det er 33 av 46 respondentar som har svara at dei meiner *bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg* og det er 17 av desse som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare i utdanningsløpet. Dette viser at bokmål er *umarkert* og det som respondentane meiner er det språket som passar for Noreg som heilskap. Dette vil eg drøfte meir i 6.2.1.

5.5 Kvifor skriv elevane nynorsk eller bokmål?

Respondentane fekk eit ope spørsmål om kvifor dei skriv nynorsk eller bokmål. Målet med dette spørsmålet var å få fram kva haldningane elevane har til bokmål og nynorsk. I analysen vil eg ta for meg dei tre ulike gruppene språkbrukarar. Nynorskbrukarane er dei som har nynorsk som hovudmål gjennom ungdomsskulen og vidaregåande. Språkskiftarane er dei som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av utdanningsløpet. Bokmålsbrukarane er dei som alltid har hatt bokmål som hovudmål. Grunnen til at eg vil dele respondentgruppa inn i desse tre kategoriane, er for å sjå om det er skilnadar i haldning til eige eller andre målformer i og på tvers av grupper.

Det vil sjølv sagt vere ulike svar i dei tre kategoriane, nynorskbrukarane, språkskiftarane og bokmålsbrukarane, men det er relevant for oppgåva å vite kva haldningane som ligg bak dei ulike utsegna til respondentane.

5.5.1 Nynorskbrukarane


Det er seks respondentar ved Spjelkavik vgs og Ålesund vgs som har hatt nynorsk i heile opplæringa. Fire av respondentane skriv nynorsk i svara sine, medan ein respondent brukar både nynorsk og bokmål. Den siste respondenten brukar bokmål i svaret.

Nynorskrespondentane gjev fleire ulike grunnar til kvifor dei skriv nynorsk. Dei fleste argumenta for kvifor dei brukar nynorsk, går inn under kategorien *omgjevnad*.

Fire respondentar seier at dei brukar nynorsk som hovudmålmål fordi *omgjevnadane spelar inn i stor grad*. Dei fire respondentane seier dei framleis skriv nynorsk fordi det er det språket

dei har hatt sidan barneskulen og det er det språket dei har vekse opp med. Eit anna argument som blir brukt ofte, er *kompetanse*. Fire respondentar har skrive at *kompetanse* er ein av grunnane til at dei skriv nynorsk. Men her er det viktig å presisere at nokre av respondentane seier at dei er like gode i bokmål og nynorsk, og ein respondent seier òg «*Fordi eg er like därleg i begge målformer. Men no mot slutten av skole året har eg innsett at eg kanskje skulle bytta. Siden bokmåls rettskrivinga mi er betre*» (respondent Ålesund vgs). Ein annan respondent skriv «*Det er lettare, og høres meir naturlig ut*» (Ålesund vgs). Med utgangspunkt i desse to respondentutsegna, kan me diskutere om *kompetanse* er ein god kategori å plassere slike utsegn i. Her ser me utsegn som både går på at nynorsk er *lettare* enn bokmål, men òg at ein respondent er like därlege i begge målformene.

Ser me på figuren under, finn me at to respondentar har brukt argument som går på *identitet og tilhøyrslle*. Desse to respondentane seier mellom anna «*[...] men mest fordi eg følar det gir meir nasjonal identitet*» (Spjelkavik vgs) og «*Eg er stolt over å ha nynorsk som målform, då det verkar som om det blir meir og meir uvanleg å ha.*» (Spjelkavik vgs).



Figur 5.10 Nynorskbrukarar om kvifor dei skriv nynorsk.

Det er ein respondent som nyttar argument innan kategorien *språkpolitiske argument*. «*Eg er like god, om ikkje betre i Bokmål, men eg meinat at det ikkje er eit norsk språk, men heller produktet av ei tid då vi ikkje styrte oss sjølv. Det er ein forenklet i mi meining øydelagd versjon av vårt språk og det er synd at så mange ikkje kann annet...*» (Spjelkavik vgs). I tillegg kan me sjå at denne respondenten nyttar argument som går under *estetikk*: «*[...] Det er ein forenklet i mi meining øydelagd versjon av vårt språk [...]*». Her viser respondenten negative haldningar til den andre målforma.

Nynorskbrukarane brukar få argument som går på kjensler og positive assosiasjonar til si eiga målform. Majoriteten av respondentane brukar argument som vane, omgjevnad og kunnskap når dei skal forklare kvifor dei skriv nynorsk. Desse argumenta kan me sjå att frå undersøkinga til Garthus, Todal og Øzerk (2010) om språkskifte hos elevar i Valdres. Det er ikkje dei kjenslestyrte argumenta som gjer at nynorskelevane held på hovudmålet sitt, det er meir vane. Dette kan me tolke slik som Idsøe (2016) gjer i si avhandling, at desse respondentane er lite språkleg bevisste på kvifor dei skriv slik dei skriv.


5.5.2 Språkskiftarane

I utvalet er det 20 respondentar som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. På spørsmål om kvifor dei skriv bokmål eller nynorsk, går mange svar igjen på at bokmål er enklare og at nynorsk er ei krevjande målform og vanskeleg å meistre.

Nokre døme som går igjen blant språkskiftarane under kategorien *kompetanse* er at bokmål er eit enklare språk å lære, bokmål er lettare enn nynorsk, det er enklare å få god karakter i bokmål og fordi ein må skrive det på skulen. Ein respondent skriv mellom anna: «*Vil skrive nynorsk fordi eg syns det er friare, men har bokmål som hovedmål på skulen fordi det er enklare å få god karakter i det*» (Språkskiftar ved Spjelkavik vgs)

Fire respondentar trekk fram argument om *identitet og tilhøyrsle* når dei skal forklare kvifor dei skriv bokmål. Tre av respondentane meiner dei skriv bokmål fordi bokmål ligg nærmere talemålet. Ein av desse snakkar austlandsdialekt, og meiner at det er det som er grunnen. «*Fordi bokmål er mer likt talemålet mitt og det er færre «vansklige» ord i bokmål enn i nynorsk*» (Språkskiftar ved Ålesund vgs).


Som me kan sjå i figuren under, er det *kompetanse* som er den største grunnen til at elevar som har hatt nynorsk tidlegare i utdanningsløpet, vel å skifte hovudmål. Dette ser me igjen frå Garthus, Todal og Øzerk (2010) si undersøking frå Valdres. Både i Ålesund og i Valdres seier elevane at dei tykkjer at bokmål er lettare og at elevane høyrer bokmål heile tida. Her kjem me inn på det som Idsøe (2016) har trekt fram i si oppgåve. Nynorsk vert sett på som eit minoritetsspråk som er markert og ukjent på landsbasis. Dette markerte og ukjente fører til at elevane går vekk frå nynorsken, til fordel for bokmål. Det er mykje i denne kategorien som stemmer med det tidlegare forsking har funne ut.



Figur 5.11 Språkskiftarane om kvifor dei skriv bokmål.

5.5.3 Bokmålsbrukarane

Det er 20 respondentar som alltid har hatt bokmål i ungdomsskulen og på vidaregåande. Majoriteten av respondentane meiner at dei skriv bokmål fordi omgjevnadane seier at det er det dei skal gjere. Dette er argument som går på at dei alltid har skrive bokmål, det er den målforma om er mest brukt i nærområdet og at det er bokmål som er undervisningsspråket på skulen der dei går. Desse argumenta vil eg kategorisere som uvisse haldningar til kvifor dei skriv bokmål, for det er berre noko som skjer. Det er seks respondentar som skriv at dei brukar bokmål fordi det er den målforma dei kan best. Det er fire respondentar som har språkpolitiske argument til kvifor dei skriv bokmål. Her finn me utsegn som: «*Ett av argumentene mot å skrive bokmål er at målet er et slags uekte dansk barn. Det gjør meg ingenting av Norge har en felles historie med Danmark. Tvert imot, de er noe jeg verdsetter. Lenge leve bokmål.*» (bokmålsbrukar ved Spjelkavik vgs) og «*Jeg skriver bokmål fordi jeg ikke har samvittighet til å praktisere et skriftspråk som koster samfunnet millioner på årsbasis, samt tilfører lite kulturell verdi til den generelle norske samfunn.*» (bokmålsbrukar ved Spjelkavik vgs).



Figur 5.12 Bokmålsbrukarane om kvifor dei skriv bokmål.


Det som er interessant ved denne respondentgruppa, er at det er skilnad på grad av aversjon mot den nynorske målforma i dei to vidaregåandeklassene. Ved Spjelkavik vgs er det fleire *språkpolitiske argument* og negative haldningars til den andre målforma. Ser ein dette i samanheng med studien om språkskifte i Valdres, ser me at dei integrative argumenta vert nytta meir blant bokmålsbrukarane enn språkskiftarane (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010).

5.5.4 Oppsummering

Det er store skilnadar mellom dei tre respondentgruppene kva argument dei brukar for å forklare kvifor dei skriv bokmål eller nynorsk. Nynorskbrukarane brukar i hovudsak argument som *omgjevnad* og *kompetanse* når dei forklarar kvifor dei skriv nynorsk. Desse argumenta er ikkje utprega kjenslestyrt, slik ein kan sjå i undersøkinga til Garthus, Todal og Øzerk (2010) frå Firda vidaregåande skule i Sogn og Fjordane. Argumenta passar meir inn i same undersøking frå Valdres vidaregåande skule, der respondentane brukar tekniske argument.

Det som kjem klarast fram i denne delen av undersøkinga, er at språkskiftarane har gjort eit val basert på *kompetanse*. 16 av respondentane i denne gruppa har svart at dei skriv bokmål på grunn av at dei kjenner at dei har meir kompetanse i bokmål eller mindre kompetanse i nynorsk. Denne kategorien fangar opp svar som både går på god kompetanse og därleg kompetanse, men me kan oppsummere med at språkskiftarane er elevar som i hovudsak meiner at dei ikkje har fått god nok opplæring på hovudmålet sitt tidlegare i utdanningsløpet. Eg hadde forventa at språkskiftarane i større grad meinte det var det dominerande språksamfunnet som gjorde at dei skifta hovudmål, men det har eg ikkje funne eit godt nok grunnlag for å seie.

Bokmålsbrukarane brukar *omgjevnadane* som grunngjeving til at dei skriv bokmål. Mange av respondentane kjem frå områder der bokmål er dominerande og der føresetnadane for å skrive nynorsk ikkje er like til stades som til dømes ved Firda vgs (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010). Ein av respondentane seier at «*Jeg skriver på bokmål i skolen fordi foreldrene mine mente det var lurest da eg begynte på skolen. Selv har jeg lyst til å bytte til nynorsk, men jeg synes det er for sent nå*». Det er ikkje fleire utsegn som går på same tematikk, men det er ikkje positivt å sjå at det er elevar i skulen som ynskjer å skrive nynorsk, men som ikkje gjer det fordi det er for seint å skifte. Her kan me òg sjå at foreldre har påverknad på kva borna vel.



Figur 5.13 Samla argumentasjon om språkval.

5.6 Oppmoding til språkskifte

Då eg gjekk i gang med dette arbeidet, ville eg finne ut om tendensane som Øvrelid (2014) fann i si oppgåve om det var andre som påverka språkskiftet enn eleven sjølv. I denne undersøkinga fann eg at det er fire respondentar som har skrive at dei har blitt påverka til å skifte hovudmål. Av desse er det berre ein person som ikkje har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Dei tre andre seier dei har blitt oppmoda til å skifte av *vener* og *familie*. Ingen i denne undersøkinga har skrive at læraren har noko påverknad på kva målform dei har valt. Men går me tilbake til tala frå dei to vidaregåande skulane, ser me at tre respondentar frå Ålesund vgs har sagt at undervisningsspråket har påverka dei til å skifte hovudmål og ingen frå Spjelkavik vgs. Dette gjer at me kan stille spørsmål med om lærarane har noko indirekte påverknad på språkskifte til desse tre elevane. Ser me nærmare på svara i undersøkinga, finn me likevel ikkje indikasjonar på dette. Det er ein av dei tre respondentane som har skrive at undervisningsspråket har påverka dei til å skifte hovudmål som òg har skrive at hen har blitt oppfordra til å skifte hovudmål. Sjølv om det ikkje er nokon som har skrive at lærarane har oppmoda eller påverka dei til å skifte hovudmål, kan me ikkje sjå bort frå at dette kan ha skjedd. Likevel så finn eg ikkje noko som tydar på at påverknad frå lærarar er like utprega som det Øvrelid (2014) har funne i si oppgåve.

Sjølv om resultata frå denne undersøkinga ikkje samsvarar med resultata til Øvrelid (2014), så finn ein dei same resultata i Proba samfunnsanalyse si undersøking (2014). Verken lærarar, skuleleiing eller føresette ser ut til å ha hatt noko effekt på skiftet av målform, men samstundes har dei funne ut at skulen ikkje har teke grep for å styrke nynorsken eller hindre språkskifte. I denne oppgåva har eg ikkje sett på om korleis skulane i legg til rette for å bruke nynorsk og bokmål i undervisninga.

5.7 Intervjua

I tillegg til spørjeundersøkingane, gjennomførte eg fire kvalitative intervju som skal danne grunnlaget for ei større djupne i denne oppgåva. Intervjua vart gjort i mai 2016 og alle informantane har godkjent bruk av sitat frå intervjua i oppgåva. Eg har vald å transkribere intervjua til nynorsk, men eg har halde på setningsoppbygginga som informantane sjølv har brukt. Dette gjer at utsegna eg brukar, ikkje vil vere syntaktisk korrekte. Eg vil fyrst ta for meg kvar enkelt informant, før eg til slutt ser alle fire informantane i ein samanheng.

5.7.1 Line

Line er 18 år, går siste året på studiespesialisering og kjem frå Ellingsøya i Ålesund kommune. Ho har hatt nynorsk som hovudmål på barneskulen. Ho seier sjølv at ho bytta hovudmål til bokmål etter eit halvt år på ungdomsskulen. På spørsmål om kva ho tenkjer er grunnen til at ho skifta hovudmål, seier ho at ho merka at ho gjorde det betre då ho skriv bokmål. « [...] til trass for at eg ikkje hadde det tidlegare og tenkte at då vart det betre å gjere det på den måten». Vidare seier Line at ho aldri har vore noko stor tilhengar av nynorsk. «*Det høyrest ikkje bra ut og eg blir nesten litt flau over det når eg skriv det. Så det.*» Ho utdjupar svaret sitt med at ho ikkje naudsynt blir direkte flau: «*[...] det virkar berre ikkje fornuftig til tross for at det høyrest likt ut som dialekta mi, så kjenner eg at bokmål ser veldig mykje betre ut på papir og når eg kjenner at det er det eg kjem til å bruke vidare i livet. Så kvifor ikkje berre bli flinkare på det?*»

Line seier vidare at ho ikkje vart påverka av andre til å skifte hovudmål. «*Ehm, nei. Det vil eg ikkje seie, eigentleg. Til og med på barneskulen hadde eg lyst til å bytte til bokmål, men då var det ikkje mogleg.*» Ho viser her til eit ynskje om å skifte tidleg i utdanningsløpet, men på grunn av målforma på barneskulen vart hindra til å skifte hovudmål til bokmål. Line seier at det er to eller tre av venane hennar som har nynorsk som hovudmål i klassa. På spørsmål om ho hadde blitt påverka til å skrive nynorsk dersom fleire hadde hatt nynorsk, svarar Line konsekvent nei. Vidare seier ho at ho har eit bevisst forhold til å skrive bokmål.

Når Line får spørsmål om kva ho meiner skal til for å at dei som skriv nynorsk skal halde fram med det, svarer ho at dei bør få skrive nynorsk, men utdjupar: «*Eg føler aldri at det bør vere noko tvang eigentleg. Eg ser på nynorsk som ganske så unødvendig. Det tek opp alt for mykje tida til elevar som eigentleg kunne ha brukt tida si på noko anna.*» Vidare svarar ho på at ho meiner bokmål er det nøytrale språket i Noreg. «*Nei, altså. Det er veldig sjeldan at eg*

får ein mail som er på nynorsk til dømes og det er for det meste den eldre generasjonen som brukar nynorsk. Eg ser bokmål over alt. Her brukar Line argument som går på omgjevnad. Til slutt får Line eit spørsmål om ho har nokre generelle kommentarar.

Slik eg ser det, så fører desse språka til at elevar vert meir forvirra når ein heile tida skal switche frå nynorsk til bokmål, ikkje berre om ein absolutt skal ha to skriftspråk, kvifor ikkje då ha det i lengre tid om gongen? Til dømes seks månadar med bokmål og seks månadar med nynorsk. Når ein må switche mellom dei heile tida, eg må ta meg i det heile tida. Det er det som er vanskeleg. Det er enklare og greiare for alle dersom me berre held oss til eitt språk, om det er nynorsk eller bokmål.

5.7.2 Sigrid

Sigrid er 17 år, går 2.året på *International Baccalaureate* og kjem frå Giske kommune og har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Ho skifta hovudmål i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande. Ho seier sjølv at ho kjente at ho var betre i bokmål enn ho var i nynorsk. Det var eit bevisst val om å bytte, skal me tru informanten. «*Eg gjekk frå å ha undervisning på nynorsk alle åra og var ofte eg ikkje skjønte alt og så kome eg hit der dei underviste på bokmål og skjønte meir. Då ville eg bytte til bokmål*». På spørsmål om Sigrid ville ha halde fram på nynorsk dersom lærarane hadde undervist på nynorsk, svarar Sigrid ja. Vidare seier ho at ho ikkje har blitt påverka til å skifte hovudmål av nokre andre.

Sigrid seier sjølv at ho snakkar meir nynorsk enn ho snakkar bokmål, men at ho forstår meir bokmål når det er skriftleg. På spørsmål om kva ho meiner bør gjerast for å få fleire til å halde på nynorsk som hovudmål, svarar ho at skulane kan ha betre undervisning på nynorsk. «*At me lærer skikkeleg, skikkeleg nynorsk, at ein skriv nynorsk på tavla og at ein snakkar meir nynorsk*». Ho seier vidare at bokmål er eit nøytralt språk som kan relaterast til dei fleste dialekter: «*Nei, eg tykkjer at bokmål burde vere det, veit ikkje korleis eg skal formulere det, burde vere den største av dei då. Det er noko som kan relaterast til dei fleste dialekter og det blir jo brukt av alle då*».

Sigrid trur at bokmål kjem til å vere det dominante språket i framtida og at nynorsk kjem til å gå litt meir ut. «*Fordi det er allereie på veg ut og så ser ein bokmål kvar dag, det er ikkje ofte eg ser nynorske statusar på Facebook og slikt*». Sigrid seier at ho likar utviklinga slik den er, men meiner at det er føremålstenleg med to språk i Noreg i dag: «*Eg tykkjer det er bra på ein måte då. For det er jo folk som ikkje kan relaterast til bokmål på ein måte og då brukar ein nynorsk. Eg kan jo skjønne kor praktisk det kan vere å ha to stykk*».

5.7.3 Kristian

Kristian er 17 år, går 2.året på *International Baccalaureate* og kjem frå Ålesund kommune. Han har skrive nynorsk heile opplæringsløpet. Han seier sjølv at han skriv nynorsk fordi nynorsk var det einaste valet han hadde på barneskulen. «*Men eg fekk valet i 7.klasse om å skifte til bokmål, og ganske mange av venane mine gjorde det, men eg valde å ikkje gjere det.* *Eg har alltid hatt den meinингa at nynorsk betyr veldig mykje for min og Noregs sin nasjonale identitet.*» Han meiner at bokmål er ei forenkling, ei fordansking, av språket som me ikkje bør halde på med. Kristian gjekk fyrste året på vidaregåande i Molde, og fortel at det har vore krevjande å vere ein av dei få som har nynorsk som hovudmål. «*[...] Eg var den einaste på heile skulen som var nynorskelev og eg skreiv alle hovudmålsoppgåvene mine på nynorsk, men eg hadde ikkje hovudmålsundervisning i det heile tatt. Eller, bortsett frå då bokmålselevarane skulle lære sidemål.*» Kristian fortel vidare at alle nynorskprøvene han fekk, handla om verbbøying og grammatikk.

Kristian får spørsmål om korleis dei andre i klassa reagerer på at han skriv nynorsk og svarar at medelelevane ikkje tenkjer så mykje over det. «*Folk syns jo det er rart at eg ikkje har skifta over enno. [...] eg har jo fått mange kommentarar og diskutert mykje med medelevar om akkurat det.*» Han viser til at det er to andre i klassa som enno ikkje har skifta til bokmål, og seier at det er grunna staden dei kjem frå: «*Det er ein av dei få stadane i Noreg der det ikkje er bokmål.*»

På spørsmål om Kristian har blitt utsatt for press til å skifte hovudmål, svarar han at det har vore mykje press til å bytte: «*Alt frå familie, vene og andre kjende. Foreldra mine kan jo ikkje nynorsk, bror min skifta over til bokmål og systra mi skriv framleis nynorsk, men ho er på barneskulen og har ikkje noko val. Alltid vore mykje press frå forskjellige.*» Vidare seier han at alle venane hans har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål etter ungdomsskulen. Når eg spør Kristian om kva som skal til for at fleire skal halde på nynorsk, svarar han «*staheit*». Han peikar på at mange av dei som skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål, gjer dette frivillig: «*Forenkla språk, bokmål er eit populært språk og enklare enn nynorsk. Det er difor mange av dei skiftar.*» Han seier sjølv at ein av grunnane til at han sjølv skriv nynorsk, er fordi han som nynorskelev kan lære begge språka. «*Eg skriv og snakkar like bra, og kanskje betre, bokmål, enn eg gjer nynorsk, utan å ha hatt det som meir enn eit sidemålsfag. Bokmålselevar har ikkje sjanse på noko slikt, i alle fall ikkje utan mykje arbeid.*» Her trekk

Kristian fram argument som går på at ein som nynorskelev kan få nokre tospråksfordelar, noko som nettopp vart bekrefta i ei studie frå 2014 (Vulchanova, Åfarli, Asbjørnson, & Vulchanov, 2014).

Kristian seier det er meir naturleg for han å skrive nynorsk, fordi det ligg nært dialekta han snakkar: «*Sunnmøre er jo ein av røtene til nynorsk. Mi personlege dialekt er jo mykje nærare nynorsk enn bokmål. [...] Det er jo ingen som snakkar bokmål, eller det er jo løgn, eg ser på veslesystra mi og slikt. Dei som er yngre og blir påverka av tv og alt slikt frå austlandet, dei snakkar meir og meir bokmål*». Han seier vidare at han føler at me som nasjon mistar identiteten for kvart år som går: «*Det blir meir og meir slapt. Og meir forenkla*». Eg spør Kristian, kva skal til for å betre vilkåra til nynorskevar på vidaregåande?

Vel, det hjalp på ungdomsskulen då me hadde separate bokmåls- og nynorskklassar. Slik som på ungdomsskulen, det verka som om dei som satsa på skulen gjekk i nynorskklassar. Då me gjekk i 8.klasse la me saman karakterane i dei to nynorskklassane og samanlikna desse med dei fire bokmålsklassene. Det vart ein høgare karaktersum i nynorskklassene. Men dette var jo i 8.klasse, så det utjamna seg jo, men nynorsk har alltid vert ansett som høgare nivå då.

Han seier at det ikkje er så mykje ein kan gjere for å få fleire til å halde på nynorsk som hovudmål, men trekker fram at ein sjølvsagt må ha nynorskundervisning. «*Det er jo vanskeleg å ha nynorsk når ein ikkje har undervisning. Eg har ikkje hatt nynorskundervisning på tre år, sidan eg gjekk på ungdomsskulen. Men eg skriv det framleis, men det hadde vore vanskelegare å halde ved like*».

5.7.4 Andrea

Andrea er 18 år, går 3.året på studiespesialisergande og kjem frå Valderøya i Giske kommune. Ho har skrive nynorsk heile opplæringsløpet. Ho seier at det ikkje er nokon spesiell grunn til at ho framleis skriv nynorsk på vidaregåande, men at «*eg hadde berre ikkje eit ynskje om å miste nynorsken. Ja, det er veldig lett å miste den.*» Når ho snakkar vidare seier ho at det ikkje er så strengt kva målform det er i bøkene på vidaregåande. «*Også er det dei fleste lærarane som skriv bokmål. På ungdomsskulen så skreiv alle nynorsk sidan det var ein nynorsk ungdomsskule*». På spørsmål om Andrea har eit bevisst forhold til det å skrive nynorsk på vidaregåande svarar ho at ho ikkje har det: «*Eg skulle ynskje eg hadde det, men eg skriv eigentleg bokmål sjølv om eg har nynorsk som hovudmål*». Her kjem det fram at Andrea

ynskjer at ho var meir bevisst på når ho skriv nynorsk, men at ho skriv bokmål til trass for nynorsk som hovudmål.

Andrea seier at ho er flinkare i bokmål enn i nynorsk, og at dette har endra seg frå ho gjekk på ungdomsskulen: «*Før så var eg flinkare i nynorsk, men no har det endra seg. [...] Det er berre slik at eg har så mykje bokmål rundt meg. Eg har ikkje noko nynorsk lenger. Det einaste eg har av nynorsk er det eg har frå ungdomsskulen og frå dialekta mi*». Her trekk Andrea fram det som andre respondentar òg seier: Det er så mykje bokmål i samfunnet rundt ho, at det er vanskeleg å halde på nynorsk når ein ikkje har eit bevisst forhold til det.

På spørsmål om kva Andrea meiner kan hjelpe på å vere meir bevisst på nynorsk i ein skulesamanheng, svarer ho at skulen må verte strengare på at ein har nynorskbøker som nynorskelev, og bokmålsbøker som bokmålselev: «*For når du svarar på spørsmål som er på bokmål, så er det lett å svare på bokmål. Og så er det lettare å svare på nynorsk når spørsmåla er stilt på nynorsk, syns eg.*» Vidare seier ho at skulen må leggje betre til rette for at nynorskbrukarar skal kunne bruke språket sitt. «*Nokre gjer det. Slik som norsklæraren skriv nynorsk, sjølv om ho ikkje har vekse opp med språket. Ho gjer det slik at folk skal verte vande med nynorsk. Men få andre lærarar gjer det. Eg tykkjer ikkje det er så veldig tilrettelagt*».

Andrea seier at ho ikkje har blitt påverka til å skifte hovudmål, og at det var berre eit val ho tok då ho byrja på vidaregåande. Men ho seier at ho er litt redd for at det har vore eit feil val. «*[...] eg er litt redd for at på eksamen, at viss eg har nynorsk som hovudmål at dei fokuserer meir på nynorsken enn om eg hadde hatt det som sidemål. Kanskje lettare å få betre karakter i nynorsk som sidemål enn som hovudmål.*» Vidare seier ho at ho har vurdert å skifte hovudmål fordi det kan gje ho betre karakterar. På spørsmål om kvifor ho ikkje har gjort det, svarar ho:

Det var vel eigentleg fordi det var for seint no då. Eg er ganske sikker på at eg kjem opp i begge, så eg tenkte at det ikkje gjorde noko om eg kom opp i hovudmål og sidemål, men no trur eg at eg berre kjem opp i hovudmål, og eg veit at det er lettare for meg å få betre karakter i bokmål. Det er litt med korleis ordstillinga er. Eg merka det på tentamen no, at eg hadde litt for mange bokmålsordstilling i forhold til nynorsk. Det er nokre slik korleis du plasserer orda som du ikkje kan bruke i nynorsk.

Her trekker Andrea fram argument som går på *kompetanse* og om taktiske val. Andrea brukar ikkje nynorsk når ho skal skrive formelle brev som til dømes jobbsøknadar.

Eg kjenner at det er meir normalt og det er som om folk ser rart på dei som brukar nynorsk nesten. Det er litt slik, du blir sett på som veldig sånn, veldig gammaldags, det er ofte dei eldre som har hengt med der då no er det. Eg føler nesten at me berre har eitt skriftspråk no, og at det er bokmål. Og nynorsk er det berre nokre som vel. At nynorsk ikkje er eit hovudmål lenger.

På spørsmål om kva Andrea tenkjer om framtida til nynorsk som språk, kjem ho med fleire ulike typar argument. Ho seier mellom anna at ho trur at dei som vil ha nynorsk som hovudmål, vil kunne ha det, men at ein kanskje ikkje vil bli tvunge til å ha nynorsk slik systemet er no. «*Men på eit tidspunkt, så syns eg at det er dumt at dersom du vil ha nynorsk, så har du ikkje høve til det. Men eg skjønnar at slik ned i Oslo som aldri blir utsatt for nynorsk, så er det vanskeleg, nesten litt sånn gresk for dei. Slik som meg som har ganske lik dialekt*». Vidare så seier ho at ho forstår kvifor folk frå Austlandet vil kvitte seg med sidemål (nynorsk) fordi det er eit veldig tungt språk og fordi dei nesten ikkje har nynorskopplæring på skulen: «*[...]korleis skrive det. Berre det er vanskeleg, og det skjønnar eg*».

5.7.5 Oppsummering

Alle informantane i denne delen av undersøkinga kom frå nynorskklasser i grunnskulen og har blitt satt i ein ny språkleg kontekst i vidaregåande. Ein av informantane trekk fram at det er mange som *snakkar* bokmål og få som *snakkar* nynorsk. Dei andre informantane seier at dialektene deira ligg nærare bokmål, men at dei kjenner seg ikkje heilt igjen i språket. *Line* seier mellom anna at ho blir litt *flau* av å bruke og lese nynorsk og meiner at nynorsk er noko som *den eldre generasjonen* brukar. Her kan me sjå at det nynorske språket er markert, som eg diskuterte i 4.3.2. Alle informantane seier at dei er betre i bokmål enn dei er i nynorsk, men likevel er det altså to av dei som framleis skriv nynorsk. Begge desse informantane seier at dei skriv nynorsk på grunn av *identitet*. *Andrea* seier at ho er redd for å *miste* nynorsken, og dette kan ein òg finne i *Kristian* sine utsegn. Han meiner at nynorsk er vanskeleg å halde ved like, spesielt med tanke på at det er mykje bokmål rundt han i kvardagen og at han ikkje får god nok opplæring i nynorsk i skulekvarden.

Kapittel 6: Drøfting

Kva er det som påverkar elevar sitt val av hovudmål i ungdomsskulen og på vidaregåande? Er språkhandlingane til elevane prega av kjensler eller er det taktiske val som ligg bak skifte av hovudmål? I denne delen av oppgåva vil eg drøfte dei resultata eg har lagt fram i kapittel 5 opp mot tidlegare forsking og teoretisk rammeverk for å finne svar på kvifor elevar vel å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål eller kva som bidreg til at dei ikkje skiftar hovudmål.

6.1 Følgje fleirtalet

Fråfallet frå nynorsk som hovudmål skjer i hovudsak i område der nynorskelevane kjem i mindretal. Dette støttar resultata frå Øvreliid (2014), Idsøe (2016), Garthus, Todal og Øzerk (2010) og Kleggetveit (2013) opp om. Dette skiftet skjer mellom anna når elevane kjem frå små greneskular med nynorsk som undervisningsmål til sentraliserte ungdomsskular med bokmålsfleirtal, eller frå ungdomsskule til vidaregåande utdanning når elevane blir overlatne til å sjølv ta hand om dei språkpolitiske rettane sine (Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål, 2013). Resultata frå mi undersøking i vidaregåande skule støttar opp om desse tidlegare undersøkingane. Grepstad (2015b) viser mellom anna til ei språkleg lekkasje frå nynorsk til bokmål i årskullet som er fødd i 1994, på heile 48% frå dei gjekk i 1.klasse på barneskulen til dei gjekk ut av vidaregåande. Ved Ålesund vgs finn me dei største tala i mi undersøking, der det er 65% av elevane som har skifta hovudmål i løpet av utdanningsløpet. Dette stemmer òg overeins med dei tendensane som Øvreliid (2014) fann i si undersøking ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal.

Det som ikkje stemmer med tala ovanfor, er resultata mine om språkskifte ved Spjelkavik vgs. Der er det berre 15% av elevane som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål, og i absolutte tal er det snakk om tre elevar. At desse tala om språkskifte frå Spjelkavik vgs ikkje stemmer overeins med dei andre undersøkingane, kan vere av fleire grunnar. Det var eit utval på 20 personar, noko som gjer at ein ikkje kan samanlikne utvalet med andre undersøkingar. I tillegg er respondentane i utvalet frå færre kommunar enn frå undersøkinga frå Ålesund vgs og Øvreliid (2014) si undersøking frå Fagerlia vgs. I tillegg til 17 elevar frå Ålesund kommune, er det berre tre elevar som kjem frå kommunar utanom. Dette gjer at me må stille nokre spørsmål til validiteten av denne delen av undersøkinga. Det er vanskeleg å rekne statistikk på så små tal. Klassa eg har undersøkt var òg ei *International Baccalaureate*, ei linje der elevane følgjer ein internasjonal læreplan og har undervisning på engelsk. Denne linja rekrutterer ikkje like breitt som studiespesialiserande, og vil ha eit snevrare respondentutval. I

tillegg til at undervisninga er på engelsk, kan me òg kanskje sjå på globalisering som ein tendens til språkskifte i denne klassa.

6.1.1 Urbanisering og sentralisering

Tala om framtidig språkskifte hos elevane ved Brattvåg ungdomsskule fortel oss om at tendensane om språkmøte som Grepstad (2015a) mellom anna skriv om, stemmer.

Urbanisering og sentralisering fører til språkskifte, og i utvalet frå Brattvåg ungdomsskule er det åtte elevar som seier dei vil skifte hovudmål når dei startar på vidaregåande. Sjølv om me ikkje kan seie det for sikkert at dei no i ettertid har skifta hovudmål, er det denne informasjonen som respondentane sjølv har lagt fram som me tar utgangspunkt i. Grunnane elevane sjølv gir til kvifor dei vil skifte hovudmål, ber preg av at dei vil tilpasse seg ein større språkleg majoritet. «*Fordi det er mest vanleg med bokmål der eg skal gå neste år.*» er eitt døme på eit utsegn som støttar opp om det Grepstad (2015c) skriv om at det er greiast å følgje fleirtalet. Det same finn me igjen i eit anna utsegn, men då går det på at eleven kjem til å flytte til Austlandet «*så da er det meir normalt*».

Den same tematikken finn me igjen i hos informanten Andrea i delkapittel 5.7.4. Ho er nynorskbrukar, men seier at ho eigentleg brukar bokmål sjølv om ho har nynorsk som hovudmål. «*For når du svarar på spørsmål på bokmål, så er det lett å svare på bokmål.*» Her kjem me inn på noko som fleire respondentar og informantar trekker fram: Det er mykje bokmål i samfunnet rundt elevane og det er vanskeleg å halde på nynorsk dersom ein ikkje har eit bevisst forhold til det.

6.2 Nynorsk tapar på den lingvistiske marknaden

Eli Bjørhusdal (2014) seier at den frie lingvistiske marknaden favoriserer dominerande språk og vil kunne utkonkurrere dei mindre språka. Når språk møtast, vil ikkje mindretalsspråket i kontaktsituasjonen stå urørd igjen. Språkutviklinga etter språkkontaktsituasjonar skjer ofte på det dominerande språket sine premissar. Dette kan me sjå i samanheng med undersøkinga frå Ålesund vgs. Bjørhusdal (*ibid.*) viser til at mindre brukte språk vert oppfatta som vanskelegare å meistre «*- fordi dei er mindre brukte i ålmenta slik at språkbrukarar vert mindre eksponerte for dei og mindre kjende med skriftbilete og språkstruktur*». Her kjem me inn på noko som er veldig relevant i respondentsvara frå vidaregåande.

6.2.1 Bokmål er naturleg og umarkert

Informanten Andrea seier i delkapittel 5.7.4 mellom anna at det er mykje bokmål rundt ho i kvardagen og dette er i tråd med det mange andre respondentar har svara i undersøkinga.

«[...] det er berre slik at eg har så mykje bokmål rundt meg. Eg har ikkje noko nynorsk lenger. Det einaste eg har av nynorsk er det eg har frå ungdomsskulen og frå dialekta mi».

Det same finn me igjen i svara frå bokmålsinformantane Line og Sigrid i kapittel 5.7.1 og 5.7.2. 22 respondentar som svara «bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg» i delkapittel 5.4.1, meinte at dette var fordi bokmål er det mest brukte språket og det som passar flest dialekker i Noreg. Her ser me at den dominerande tanken om språk handlar om at bokmål er det språket som er mest brukt og slik sett er det som er mest *nøytralt*. Nøytralt vil i denne samanhengen vere same tyding som umarkert.

24 av respondentane i undersøkinga på vidaregåande meinte at «bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg», fordi det er det språket som er enklast og at nynorsk er vanskeleg. Dette er i tråd med det Bjørhusdal (2014) seier om at mindretalsspråket vert oppfatta som vanskelegare å meistre, nettopp fordi språkbrukarar vert mindre eksponert for nynorsk og at dei er mindre kjende med skriftbilete og språkstruktur. Dette argumentet finn me igjen i grunnane til kvifor elevane i vidaregåande vel å skifte hovudmål. Ved Ålesund vgs var det 30% (seks elevar) av respondentane som sa at dei ikkje kunne hovudmålet sitt godt nok. Ved Spjelkavik vgs var det to elevar som meldte at dei skifta hovudmål på grunn av manglande kompetanse i nynorsk. Sigrid er ein av informantane som skifta hovudmål av denne grunnen. «*Eg gjekk frå å ha undervisning på nynorsk alle åra og var ofte eg ikkje skjønte alt og så kom eg hit der dei underviste på bokmål og skjønte meir. Då ville eg bytte til bokmål.*».

Det som talar mest for å seie at mindretalsspråket vert oppfatta som vanskelegare å meistre, finn me i argumentasjonen til språkskiftarane i 5.5.2. 16 av 20 språkskiftarar seier at dei skifta hovudmål på grunn av kompetanse, både mangel på kompetanse i nynorsk og større kompetanse i bokmål. Elevane som har skifta hovudmål, tykkjer at bokmål er lettare og seier dei høyrer bokmål heile tida. Dette stemmer overeins med resultata frå Valdres (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010) og frå Sotra (Idsøe, 2016). Nynorsk vert av språkskiftarane sett på som eit minoritetsspråk som er markert og ukjend på landsbasis og i området der dei går på skule. Dette gjer at elevane går vekk frå nynorsken, til fordel for bokmål. Som Grepstad (2015c)

påpeikar, er det ikkje sikkert at desse elevane som skiftar språk, opplever det som eit problem at dei skiftar språk, men det har negative konsekvensar for nynorskens posisjon i samfunnet elles. Bjørhusdal (2014) seier at dette har samanheng med samfunnsteorien *usynleg handeffekten*: Det er ikkje mange elevar som bevisst ynskjer at nynorsken skal gå tilbake, men summen av dei individuelle språkvala på den lingvistiske marknaden fører likevel til nettopp dette.

Det er 33 av 46 respondentar som har svara at dei meiner bokmål er eit nøytralt språk som passar for heile Noreg og det er 17 av desse som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare i utdanningsløpet. Dette meiner eg viser at bokmål blir opplevd som umarkert og det som respondentane meiner er det språket som passar for Noreg som heilskap. Dette finn me igjen i Mæhlum (2007) som seier at bokmål vert sett på som geografisk umarkert og nynorsk med ein meir bestemt geografisk tilknyting. Men her kjem det som er utfordringa med dette umarkerte bokmålet. Det nynorske kjerneområdet ligg sør for Dovre, med ein regional konsentrasjon på Vestlandet, nærmere bestemt i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I desse områda ville det ha vore naturleg at det er nynorsk som blir opplevd som det umarkerte og naturlege. Men her kjem me inn på spørsmål som går på det med periferi og sentrum. Som Mæhlum (2007) skriv: «*Nynorsk står generelt mye sterkere i periferien enn i mellomsentrale og sentrale kommuner. I tillegg har nynorsken tapt terreng i meir sentrale strøk de siste tiårene, mens den altså i større grad opprettholdes i utkantområder*» (s.195). Ålesund vert i denne samanhengen sett på som sentrum, medan kommunane rundt er periferien. Nynorsken står sterkare i kommunane rundt Ålesund, medan bokmålet står sterkare i Ålesund. Dei 17 respondentane som har hatt nynorsk tidlegare i utdanningsløpet der nynorsk har blitt oppfatta som det *normale*, vert i denne samanhengen utsett for det dominerande majoritetsspråket i det nye språksamfunnet sitt der bokmål er det *umarkerte og normale*.

6.3 Elevane skiftar hovudmål i stadiumovergangane

Dei som tidlegare har undersøkt haldninga til språk og kvifor elevar vel å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål, har i stor grad tatt for seg elevar i vidaregåande utdanning (Øvreliid, 2014; Garthus, Todal og Øzerk, 2010; Idsøe, 2016; Proba samfunnsanalyse, 2014; Reinlund, 2012). Men som Grepstad (2015c) trekker fram i Språkfakta, er det òg viktig å undersøke om språkskiftet kjem tidlegare. Dette har eg gjort i denne undersøkinga. Det er sjølv sagt vanskeleg å spå korleis elevar vil bruke språket seinare i livet, og det er ei etisk utfordring

med å gjere slike undersøkingar. Som forskar vil ein ikkje vere den som påverkar elevane til å gjere val som dei kanskje ikkje ville tatt dersom undersøkinga ikkje hadde blitt gjennomført.

Respondentane ved Brattvåg ungdomsskule trekker i stor grad fram argument som går på *omgjevnad* når dei skal forklare kvifor dei skriv det språket dei skriv. Nynorskbrukarane seier i hovudsak at dei skriv nynorsk fordi det er det dei er vande med å skrive, det er nynorsk som er mest brukt i samfunnet rundt der dei bur og fordi dei har skrive nynorsk sidan barneskulen. Dette er argument som i liten grad er prega av affeksjon for nynorsk som språk, men er svært prega av *vane* og tingenes tilstand. Desse argumenta kan me finne igjen hos (Idsøe, 2016) og hos Garthus, Todal og Øzerk. Elevane i dei nynorske kjerneområda rapporterer at dei skriv nynorsk på grunn av vane. Dette meiner Garthus, Todal og Øzerk er grunnen til at informantane har eit uproblematisk og nøytralt forhold til nynorsk, sidan dette er majoritetsspråket i deira lokalsamfunn.

Elevane som skiftar hovudmål, kjem sjeldan frå bysentrum i Ålesund, men frå bydelane nær nabokommunane og frå nabokommunane. Det er vel å merke ingen elevar som skiftar hovudmål frå bokmål til nynorsk i undersøkinga. Som både Grepstad og Øvreliid skriv, skjer mesteparten av språkskifta i vidaregåande, men det har blitt gjort lite undersøkingar av språkskifte tidlegare. Som Øvreliid, har eg funne at 44% av dei som skiftar hovudmål, gjer det i løpet av vidaregåande. Men det som er interessant, er at 56 % av elevane ved Ålesund vgs har skifta hovudmål i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule, eller mellom ungdomsskule og vidaregåande. Dette skjer i dei såkalla *stadiumovergangane* som (Hoel, 1997) mellom anna skriv om.

Hoel skildrar stadiumovergang som ei klassereise frå ei sosial klasse og over i ei anna. Det er ei reise som kan påverke sjølvoppfatningar og identitet, og er ei reise frå den kunnskapen ein har i seg, til den kunnskapen ein skal lære seg. I nokre samanhengar gjev denne sosiale og kulturelle reisa tilgang til dobbel kompetanse gjennom medborgarskap i to eller fleire kulturar, medan enkelte vil kjenne seg delt mellom desse to kulturane og vil ikkje kjenne seg komfortable med dette. Hoel skriv at utviklinga skjer i kryssingspunktet mellom forventningar og eigne handlingar, og det er med på å gjere noko med oss som individ. Når ein går frå barneskulen og over til ungdomsskulen, er det andre forventningar som møter oss og nye måtar å tilegne seg kunnskap på. Det same skjer i overgangen frå ungdomsskule til

vidaregåande utdanning. I desse overgangane gjer elevane seg opp ei mening om korleis den nye *identiteten* skal vere og korleis denne skal kome til syne (Hoel, 1997). Dette seg eg klart i undersøkingane eg har gjennomført ved Brattvåg ungdomsskule og dei to vidaregåande skulane, at elevane sjølve må finne ut korleis dei kan passe inn i den nye kvardagen, både sosialt og språkleg. Dette kan me sjå i samanheng med det som Reidunn Hernes har funne ut om hovudmål blant lærarstudentar ved Høgskulen i Bergen (Hernes, 2012).

6.4 Er nynorskbrukarane språkleg bevisste?

Det er seks respondentar ved Spjelkavik og Ålesund vgs som har hatt nynorsk heile opplæringa, men grada av bevisstheit hos desse seks er varierande. Det er få nynorskbrukarar som brukar argument som går på kjensler og positive assosiasjonar til eiga målform. Som i undersøkingane frå Valdres og Firda finn me argument som går på kompetanse, omgjevnad og vane. Argument som viser at respondentane i liten grad er språkleg bevisste på kvifor dei skriv det språket dei skriv. Kleggetveit (2013) delte inn respondentutsegna som gjekk på målform rundt elevane, som *identitet* og *tilhøyrsle*. Men som Idsøe (2016) har eg vald å plassere desse utsegna i *omgjevnad*. Dette er fordi argument som kjem angår *identitet* og *tilhøyrsle*, i stor grad er bevisste tankar kring språkbruk, medan at ein tilfeldigvis har eit språk rundt seg i kvardagen, ikkje er eit så bevisst val av språk. Det er berre to av respondentane mine som seier at dei skriv nynorsk fordi det har samanheng med identiteten og tilhøyrsla deira. Desse to respondentane vil eg hevde er bevisste på valet av hovudmål. Desse to utsegna kan me sjå i samanheng med det Røyneland (2005) seier om språkleg bevisstheit. Interesse, bevisstheit og vilje til å ta vare på tradisjonelle dialekttrekk er viktig for at språket skal kunne leve vidare, og i denne samanhengen vil eg dra dette over til å gjelde skriftspråk. Som Mæhlum (2007) seier, er nynorsk eit tradisjonstrekk, noko som ofte blir assosiert med det tradisjonelle, medan bokmål i større grad er sett i samanheng med *modernitet* – det som er moderne. Ein av respondentane seier: «*Eg er stolt over å ha nynorsk som målform, då det verkar som om det blir meir og meir uvanleg å ha*». Her viser respondenten interesse og bevisstheit til sitt eige skriftspråk, noko som gjer at respondenten i større grad kan halde på hovudmålet sitt enn ein respondent utan denne interessa.

Det som er interessant å sjå i undersøkinga frå vidaregåande, er at det er ulik grad av språkleg bevisstheit når det gjeld kva språk dei nyttar som svarspråk i undersøkinga. Som eg har greidd ut tidlegare i oppgåva, valde eg å nytte bokmål som språk i spørjeundersøkinga for å ikkje by opp til ein språkpolitisk debatt. Det er seks nynorskbrukarar i utvalet, der fire svara på

nynorsk, ein svarte med ei blanding av bokmål og nynorsk, medan ein nynorskbrukar svarte på bokmål. Ein kan ikkje trekke bombastiske konklusjonar ut av det, anna enn at det er interessant å sjå at fire elevar vel å skrive på hovudmålet sitt, sjølv om dei blir *utsatt* for bokmål. Desse fire elevane divergerer, sidan dei brukar nynorsk i spørjeskjemaet, medan nynorskeleven som skreiv bokmål i svara dine, konvergerer. Elevane tilpassar difor språket sitt i ulik grad til den oppgåva dei utfører.

6.5 Språkskiftarane gjør taktiske val

Grepstad (2015c) seier at ein som tenåring helst ikkje vil skilje seg ut, og meiner at ganske mange unge nynorskbrukarar i dag har eit vanskeleg forhold til sitt eige fyrstespråk. Han viser til fleire ulike maktmekanismar som er med på å påverke elevane sine val av hovudmål. Ein av desse maktmekanismane er målretta nyttetenking. Her hevdar han at ein del tenåringar skiftar språk før eksamen fordi dei trur dei då vil få betre karakterar. Dette finn me igjen i argumentasjonen til kvifor elevar ved Ålesund vgs skifta hovudmål. 50% av elevane som skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål, seier at det er fordi dei enklare kunne få ein god karakter i både hovudmål og sidemål. Dette seier Grepstad (2015c) ikkje er noko identitetsprega forhold til skriftspråket. *Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål* (2013) viser til det Garthus, Todal og Øzerk (2010) seier, at elevar med nynorsk som sidemål i dag kan oppleve å få ein brukbar karakter sjølv om dei har mange rettskrivingsavvik, medan dette i mindre grad gjeld når bokmål er sidemål. Dette meiner dei kan ha samanheng med manglande kompetanse i nynorsk blant lærarane og sensorane som skal vurdere norskkompetansen til elevane til standpunkt og eksamen. Dei peikar på at det er viktig å få gode og mest mogleg standardiserte kriterium for vurdering av skriftlege arbeid på begge målformer. Idsøe (2016) på si side finn i si undersøking ikkje nokon samanheng mellom språkskifte og jakt på betre norskkarakterar. I undersøkinga hennar er det berre fem av totalt 56 språkskiftarar som peikar på karakterane som grunn for språkskiftet.

Sjølv om informanten min Andrea ikkje er ein språkskiftar, passar nokre av argumenta hennar inn under det som handlar om taktiske val. Ho er redd for at ho har vald feil hovudmål. «*[...] eg er litt redd for at på eksamen, at viss eg har nynorsk som hovudmål at dei fokuserer meir på nynorsken enn om eg hadde hatt det som sidemål. Kanskje lettare å få betre karakter i nynorsk som sidemål enn som hovudmål.*» Dette støttar opp om det Garthus, Todal og Øzerk (2010) skriv om at elevane opplever at dei får betre karakterar i sidemålet. Andrea seier vidare at ho eigentleg burde skifte hovudmål til bokmål, fordi ho merka at ho skriv nynorsk med

syntaksen og setningsoppbygginga til bokmål. Dette har samanheng både med at bokmål er det språket elevane ser rundt seg i kvardagen, men òg det asymmetriske maktforholdet det er mellom nynorsk og bokmål.

6.6 Bokmålsbrukarane følger fleirtalet

Det er lite som tydar på at bokmålsbrukarar reflekterer over kvifor dei skriv bokmål. Det er 20 respondentar i undersøkinga som alltid har skrive bokmål og 17 av desse seier at dei skriv bokmål på grunn av *omgjevnad*. Dette viser at mange av respondentane kjem frå områder der bokmål er dominerande og føresetnadane for å skrive nynorsk ikkje er til stades. Mange av respondentane trekker fram at det er fleirtalet som skriv bokmål, og at det i hovudsak er grunnen til at dei skriv bokmål sjølve. Dette viser at bokmålsbrukarar har eit lite bevisst forhold til det språket dei skriv, og at det berre er noko som «er» der. Bokmål er i Ålesundsområdet eit allment språk som er mykje brukt i kvardagen rundt elevane. Som Grepstad (2015c) skriv i Språkfakta 2015, kjem det fram at di meir eit språk blir brukt i kvardagen, di sterkare blir den sosiale norma om at det er greitt eller rett å bruke det språket. Det at bokmålbrukarane har lite bevisste haldningar til kvifor dei skriv bokmål, er òg med på å påverke språkskiftarane til å skifte hovudmål. Sidan fleirtalet brukar bokmål, vil dei som ikkje har eit bevisst forhold til å skrive nynorsk, vere i fare for å følgje denne maktmekanismen som det er å vere i fleirtal. Bokmålsbrukarane er i denne samanhengen ikkje «skuldig» i å påverke dei andre som har hatt nynorsk før, for dei skriv berre det språket dei er oppvakse med. Difor må me diskutere litt kva elevane sjølve meiner må til for å gjere elevane litt meir språkleg bevisst på hovudmålet sitt.

6.7 Å spegle seg i språket

«*Staheit*», svarar ein av informantane om kva som skal til for at fleire nynorskbrukarar skal halde på nynorsk som hovudmål. Informanten skildrar nynorsk som ein del av Noregs nasjonale identitet og kjenner seg «heime» i nynorsk som språk. Han har blitt påverka til å skifte hovudmål fleire gongar og seier at det er eit «konstant press» på å skifte språk til bokmål. Men på grunn av staheit og ein tanke om at nynorsk er det språket som representerer majoriteten av det norske folket, held han fast ved språket. Språket er ofte nært knytt til identiteten, og ved å spegle seg i andre språkbrukarar vil det kunne påverke korleis ein sjølv brukar språket. Line, som sjølv har skrive nynorsk tidlegare i utdanningsløpet, seier at ho blir «flau» av å skrive nynorsk til trass for at språket ligg nærare dialekta hennar. Vidare seier ho at det er for det meste «den eldre generasjonen» som brukar nynorsk. Her viser Line at ho står

i eit motsetnadsforhold til nynorsk. På den eine sida er språket nærare dialekta og noko ho eigentleg identifiserer seg med, og på den andre sida er det noko markert og unaturleg som eldre menneske brukar. Identiteten som heng nært saman med slik ein snakkar, kjem i Line sin situasjon til kort mot «den eldre generasjonen». Line speglar seg mot dei andre ho meiner brukar nynorsk, og kjem fram til at ho ikkje kan identifisere seg med desse. Ho konvergerer og skiftar hovudmål til bokmål, som ho kan identifisere seg meir med og som ikkje gjer ho «flau».

6.8 Korleis skal elevane blir meir språkleg bevisste på sitt eige hovudmål?

Kompetanse er ein av dei viktigaste grunnane til at elevar vel å skifte hovudmål i løpet av utdanningsløpet. Respondentane trekker fram at dei ikkje kan hovudmålet sitt, nynorsk, godt nok, og vel då å skifte til bokmål som dei har rundt seg heile tida likevel. Det er på mange måtar eit taktisk val, men kva skal ein gjere for å hindre at dette språkskiftet skjer?

Informanten Kristian trekker fram eit element med hovudmålsopplæringa som mange nynorskbrukarar ved bokmållskular kjenner seg igjen i: *«Det er jo vanskeleg å ha nynorsk når ein ikkje har undervisning. Eg har ikkje hatt nynorskundervisning på tre år, sidan eg gjekk på ungdomsskulen. Men eg skriv det framleis, men det hadde vore vanskelegare å halde ved like»*. Her trekker han fram det som har med at bokmål er undervisningsspråk og at den einaste gongen han møter på nynorsk i undervisningssituasjonar, er når dei som har bokmål, skal ha sidemål. Andrea seier at nokre av lærarane legg til rette for at nynorskbrukarar skal kunne sjå språket sitt i bruk, ved at dei sjølve skriv nynorsk i undervisningar sjølv om det ikkje er deira sitt hovudmål. Ho seier at skulen ikkje legg godt nok til rette for at nynorskbrukarar skal kunne bruke nynorsk.

Sigrid, som har skifta hovudmål til bokmål, meiner at skulane bør ha betre undervisning på nynorsk og at ein brukar nynorsk aktivt i undervisninga. Dette ville har gjort at Sigrid ville ha halde fram med nynorsk som hovudmål, seier ho sjølv. Sigrid viser her til at val av språk heng saman med omgjevnaden rundt og at læraren i utdanningssituasjonen er den signifikante andre.

Line kjem med konkrete forslag til tiltak for korleis ein kan gjere elevar meir bevisste på nynorsk som språk. *«Slik eg ser det, så fører desse språka til at elevar vert meir forvirra når ein heile tida skal switche frå nynorsk til bokmål, ikkje berre om ein absolutt skal ha to skriftspråk, kvifor ikkje då ha det i lengre tid om gongen?»* Line foreslår at skulane kan ha eitt

semester om gongen med bokmål og nynorsk, slik at ein slepp å bytte mellom språka over kortare tidsrom. *Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål* (2013) peikar i sluttrapporten sin på at styringshierarkiet må fungere betre enn det gjer i dag, og at Kunnskapsdepartementet eller Utdanningsdirektoratet må synleggjere kva rettar elevar og studentar har i tråd med mållova. I tillegg må lærebøker og læringsressursar som elevane vert pålagde å bruke, vere tilgjengelege på begge målformer på same tid. Samstundes må ein pålegge skuleeigarar å legge til rette for at elevar som vel nynorsk, særleg i skular med bokmålsfleirtal, kan få eit likeverdig undervisningstilbod. Det som Andrea seier om at det er enklare å halde på nynorsken når ho får lese og svare på oppgåver på sitt eige hovudmål, støttar opp om desse tiltaka frå ressursgruppa.

Avsluttande konklusjonar

Det finst ikkje ei enkel løysing på problematikken knytt til språkskifte, uavhengig når dette skiftet skjer. *Ressursgrappa for nynorsk som hovudmål* (2013) peikar på nokre tiltak som kan gjere opplæringssituasjonen til elevar med nynorsk som hovudmål enklare, og det same gjer Garthus, Todal og Øzerk (2010). Skal eg forsøke og samanfatte det eg har funne ut i denne undersøkinga, vil det vere at ein må betre dei organisatoriske rammene, slik at elevane sjølv kan kjenne at språket dei har som hovudmål *faktisk* er eit språk som vert brukt. I samfunnet elles er det lite nynorsk, og det påverkar elevane. Me har kome til eit kritisk punkt i språkutviklinga, der majoriteten av dei som skriv nynorsk gjer det av vane og fordi det er det språket dei har lært sidan barneskulen. Kombinasjonen av at det er omgjevnaden som bestemmer kva språk elevane skriv, og at mange elevar vel vidaregåande utdanning i kommunar der bokmål er det dominerande språket, gjer at tilstanden er kritisk. Fåtalet av elevar med nynorsk som hovudmål kjenner at nynorsk er ein del av identiteten deira og mange elevar meiner at nynorsk er noko *markert* og *unaturleg*. Når dette skjer i eit område som tradisjonelt har blitt sett som ein del av det nynorske kjerneområdet, bør det sende varske både til styrande myndigheter og til dei som ynskjer å gjere elevar til gangs menneskje og bevisste brukarar av språk.

Litteraturliste

- Akselberg, G., & Mæhlum, B. (2008). Sosiolingvistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte* (s. 73-88). Oslo: Cappelen.
- Bjørhusdal, E. (2014, September 27). *Nynorskelevar i minoritetsposisjon – ein språkpolitisk analyse*. Henta 10.november 2016 frå Noregs Mållag:
<http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10528,10533>
- Bull, T. (2004). *Nynorsk som minoritetsspråk*. Henta 10.mai 2017 frå Språkrådet:
http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/
- Eiksund, H. (2015). Mellom borken og veden. I H. Eiksund, & J. O. Fretland, *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 36-47). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Garthus, K. M., Todal, J., & Øzerk, K. (2010). *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Henta 11.februar 2017 frå Nynorskcenteret:
https://www.nynorskcenteret.no/img/nsfno/2010Rapport_ValdresFirda.pdf
- Grepstad, O. (2015a). *3 Noreg*. Henta 11.oktober 2016 frå Aasentunet:
http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/3__noreg/
- Grepstad, O. (2015b). *8 Barnehage og grunnskule*. Henta 11.oktober 2016 frå Aasentunet:
http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/8__barnehage_og_grunnskule/
- Grepstad, O. (2015c). *9 Vidaregåande skule*. Henta 11.oktober 2016 frå Aasentunet:
http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/9__vidaregaande_skule/
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hernes, R. (2005, august). Kvar i verda finst språket? *Målstryting*, s. 145-167.
- Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? *Maal og minne*, 56–90. Henta 28.mai 2017 frå Novus forlag:
<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/306/304>
- Hoel, T. L. (1997, 5). Dei første 20 gongene. *Norsk læreren*.
- Idsøe, T. (2016). *Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane?* Bergen: Universitetet i Bergen.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Kleggetveit, I. (2013). *Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Agder*. Kristiansand: Universitetet i Agder. Henta 20.april 2017 frå
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/139407/Ingunn%20Kleggetveit%20oppgave.pdf?sequence=1>
- Kulturdepartementet. (2008, juni). *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og meinung — Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Henta 1.april 2017 frå regjeringen.no:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nno/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>

- Lovdata. (2013, februar). *Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*. Henta 27.mai 2017 frå Lovdata: <https://lovdata.no/forskrift/2007-04-01-378>
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner*. Oslo: Novus.
- Mæhlum, B. (2008a). Normer. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte* (s. 89-103). Oslo: Cappelen.
- Mæhlum, B. (2008b). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte* (s. 106-126). Oslo: Cappelen.
- Møre og Romsdal fylkeskommune. (2017, mai). *Kommunestatistikk*. Henta 20.april 2017 frå Mrfylke: <http://mrfylke.no/Media/Files/Filer-plan-og-analyse/Statistikk-og-analyse/Kommunestatistikk/pdf-2017/1534-Haram>
- Møre og Romsdal fylkeskommune. (u.d.). *Vidaregåande skolar*. Henta 20.april 2017 frå mrfylke.no: <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Utdanning/Elev/Vidaregaaande-skolar>
- Proba samfunnsanalyse. (2014, juli). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Henta 20.april 2017 frå Nynorsksenteret: <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Probarapport-2014-07.pdf>
- Reinlund, O. (2012, november). Elevar vel bort nynorsk på vgs. *Haramsnytt*, s. 4-6.
- Ressursgruppe for nynorsk som hovedmål. (2013). *Sluttrapport*. Henta 11.oktober 2016 frå regjeringen.no:
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rapportnynorskholmaal.pdf>
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Røyneland, U. (2008). Språk- og dialektkontakt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte* (s. 48-72). Oslo: Cappelen.
- Schiefloe, P. M. (2015). *Mennesker og samfunn*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Simonsen, H. G. (2013). *Sosiolingvistikk*. Henta 27.mai 2017 frå Store norske leksikon:
<https://snl.no/sosiolingvistikk>
- Stokkan, J., & Thorsnæs, G. (2016). *Ålesund*. Henta 19.mai 2017 frå Store norske leksikon:
<https://snl.no/%C3%85lesund>
- Trudgill, P. (2003). *A Glossary of Sociolinguistics*. Oxford: Oxford University Press.
- Vulchanova, M., Åfarli, T. A., Asbjørnsen, M., & Vulchanov, V. (2014). Flerspråklighet i Norge: en eksperimentell språkprosessersstudie. I E. Brunstad, A.-K. H. Gujord, & E. Bugge, *Rom for språk - Nye innsikter i språkleg mangfold* (s. 147-172). Oslo: Novus forlag.
- Øvreliid, I. N. (2014). *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal*. Volda: Høgskulen i Volda.

Vedlegg 1 Spørjeskjema ungdomsskule

Førespurnad om deltaking i forskningsprosjektet

"Språkskifte i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande"

Bakgrunn og formål

Formålet med studien er å identifisere grunnane til at elevar skiftar hovudmål når dei startar i vidaregåande opplæring. Prosjektet er ein del av ei masteroppgåve ved Norges teknisk – naturvitenskaplige universitet (NTNU) i Trondheim. De vert bede om å ta del i denne studien for å kunne kartlegge språkskifte i ungdomstrinnet.

Studien vert gjennomført ved at de svarer på eit spørjeskjema som vert delt ut i klassa, og denne vil ta mellom 5-10 minutt.

Det blir ikkje henta inn personopplysningar, og ingen vil kunne kjenne seg igjen i den ferdige publikasjonen. Opplysningane som vert henta inn vil verte sletta ved prosjektlutt. Prosjektlutt er satt til desember 2016.

Det er frivillig å delta i undersøkinga og samtykke vert gjeve ved å svare på spørjeskjemaet.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med Marit Nerås Krogsæter eller Brit Mæhlum på 73596409 eller brit.maehlum@ntnu.no.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD – Norsk senter for forskningsdata AS.

Lukke til med undersøkinga!

Marit Nerås Krogsæter
maritnk@stud.ntnu.no
91832844

Samtykke til deltakelse i studien

Eg har fått informasjon om studien og er villig til å delta

- 1) Kjønn
- Gut
- Jente
- 2) Har du hatt same målform (nynorsk/bokmål) som hovedmål heile ungdomsskulen?
- Ja
- Nei
- 3) Kva målform (nynorsk/bokmål) hadde du som hovedmål på ungdomsskulen?
- Nynorsk
- Bokmål
- Bytta frå nynorsk til bokmål
- Bytta frå bokmål til nynorsk

Har du skifta hovedmål skal du svare på spørsmål 4 og 5. Har du hatt same hovedmål heile tida går du vidare til spørsmål 6.

- 4) Når skifta du hovedmål?
- Barneskulen
- Overgangen mellom barneskule og ungdomsskule
- Ungdomsskulen
- 5) Kva er grunnen/grunnane til at du skifta hovedmål? Her kan du krysse av fleire alternativ.
- På grunn av undervisningsspråket
- Det er enklare å få god karakter i hovedmål og sidemål
- Alle andre i klassen har ei anna målform som hovedmål
- Eg kan ikkje hovedmålet mitt godt nok
- Andre grunnar (spesifiser): _____
- 6) Har du blitt oppfordra av nokon til å skifte hovedmål? (Svarar du nei går du videre til spørsmål 8)
- Ja
- Nei
- 7) Kven har oppfordra deg til å skifte hovedmål?
- Familie
- Vener
- Lærarar
- Andre (spesifiser): _____

8) Kva språk brukar du å skrive på fritida?

- Nynorsk
- Bokmål
- Dialekt
- Andre (spesifiser): _____

9) Trur du at du vil skifte hovudmål når du startar på vidaregåande?

- Ja
- Nei

Svarte du "Ja" i spørsmål 9 skal du svare på 10A

Svarte du "Nei" i spørsmål 9 skal du svare på 10B

10) A) Kvifor vil du skifte hovudmål når du startar på vidaregåande?

B) Kvifor vil du halde på hovudmålet når du startar på vidaregåande?

11) Kvifor skriv du nynorsk/bokmål? (Ring rundt det som passar og svar på spørsmålet)

Vedlegg 2 Spørjeskjema vidaregåande

Forespørsel om deltagelse i forskningsprosjektet

"Språkskifte i overgangen mellom ungdomsskole og videregående"

Bakgrunn og formål

Formålet med studien er å identifisere årsakene til at elever skifter hovedmål når de starter i videregående opplæring. Prosjektet er en del av en masteroppgave ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i Trondheim. Dere blir bedt om å delta i denne studien fordi dere går på en skole der det både er elever fra Ålesund og fra kommunene rundt der det er forskjellige målformer i grunnskolen.

Studien blir gjennomført ved at elevene svarer på et spørreskjema som blir delt ut i klassen og vil ta cirka 10 minutt. Spørsmålene vil dreie seg om hvor man kommer fra, hvilket språk man hadde som hovedmål i grunnskolen, hvilket språk man har som hovedmål i videregående opplæring og hva er grunnene til at man har skiftet/har beholdt hovedmål.

Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt. Student og veileder bak denne undersøkelsen er de eneste som vil ha tilgang til personopplysninger. Disse opplysningene vil bli lagret på datamaskin med kode på dokumentet det gjelder.

Deltakerne i denne spørreundersøkelsen vil ikke kunne gjenkjennes i publikasjonen.

Prosjektet skal etter planen avsluttes 31.12.2016. Opplysningene som blir hentet inn vil bli slettet ved prosjektslutt.

Frivillig deltagelse

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysninger om deg bli anonymisert.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med Marit Nerås Krogsæter eller Brit Mæhlum på 73596409 eller brit.maehlum@ntnu.no.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Lykke til med undersøkelsen!

Marit Nerås Krogsæter
maritnk@stud.ntnu.no
91832844

Samtykke til deltagelse i studien

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

- 1) Hva er navnet på hjemkommunen din? _____
- 2) Hvilken ungdomsskole har du gått på? _____
- 3) Hvilken videregående skole går du på nå? _____
- 4) Kjønn:
 Gutt
 Jente
- 5) Har du hatt samme målform (bokmål/nynorsk) som hovedmål hele ungdomsskolen?
 Ja
 Nei
- 6) Hvilken målform (bokmål/nynorsk) hadde du som hovedmål på ungdomsskolen?
 Nynorsk
 Bokmål
 Byttet fra nynorsk til bokmål
 Byttet fra bokmål til nynorsk
- 7) Hvilken målform (bokmål/nynorsk) har du som hovedmål på videregående?
 Bokmål
 Nynorsk
- 8) Har du hatt samme målform (bokmål/nynorsk) som hovedmål på videregående?
 Ja
 Nei
- 9) Har du skiftet målform noen gang?
 Ja
 Nei, har alltid hatt nynorsk som hovedmål
 Nei, har alltid hatt bokmål som hovedmål

Har du skiftet hovedmål skal du svare på de neste spørsmålene, har du hatt samme målform siden ungdomsskolen skal du fortsette på spørsmål 12 og ut undersøkelsen.

- 10) Når skiftet du hovedmål?
 Barneskolen
 Overgangen mellom barneskole og ungdomsskole
 Ungdomsskolen
 Overgangen mellom ungdomsskole og videregående
 Videregående

11) Hva var grunnen/grunnene til at du skiftet hovedmål? Du kan krysse på flere alternativ.

- På grunn av undervisningsspråket
- Det var enklere å få god karakter i hovedmål og sidemål
- Alle andre i klassen har et annen målform som hovedmål
- Jeg kunne ikke hovedmålet mitt godt nok
- Andre grunner (spesifiser): _____

12) Har du blitt oppfordret av noen til å skifte hovedmål?

- Ja
- Nei (Svarer du nei går du videre til spørsmål 14)

13) Hvem har oppfordret deg til å skifte hovedmål?

- Familie
- Vener
- Lærere
- Andre (spesifiser): _____

14) Hvilke av disse utsagnene er du mest enig i?

- Nynorsk språk passer best i skjønnlitteratur (dikt, noveller mm.)
- Nynorsk er et nøytralt språk som passer for hele Norge
- Bokmål er et nøytralt språk som passer for hele Norge

15) Med utgangspunkt i svaret i spørsmål 14: Hvorfor er du mest enig i dette utsagnet?

16) I hvilke sammenhenger bruker du en annen målform eller dialekt i hverdagen?

(Kryss av på flere alternativer dersom det er behov for det)

- I private meldinger (Eksempler: Facebook-chat, SMS, snapchat)
- Uformelle meldinger (Eksempler: Facebookoppdatering, Instagram)
- Formelle henvendelser (søknader, brev)
- Skriver likt på skolen og i hverdagen
- Andre sammenhenger (spesifiser): _____

17) Svar på a) eller b) (stryk over det du ikke svarer på)

- a) Hva er grunnen til at du skifter målform eller skriver dialekt i hverdagen?
- b) Hva er grunnen til at du skriver samme målform både på skolen og i hverdagen?

18) Hvorfor skriver du bokmål/nynorsk? (Fritekst)

Vedlegg 3 Kvittering fra NSD



Brit Mæhlum
Institutt for språk og litteratur NTNU

7491 TRONDHEIM

Vår dato: 19.05.2016 Vår ref: 48396 / 3 / ABS Deres dato: Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 18.04.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

| | |
|----------------------|--|
| 48396 | <i>Språkskifte fra nynorsk til bokmål i overgangen fra ungdomsskule til vidaregående opplæring</i> |
| Behandlingsansvarlig | <i>NTNU, ved institusjonens øverste leder</i> |
| Daglig ansvarlig | <i>Brit Mæhlum</i> |
| Student | <i>Marit Nerås Krogsgård</i> |

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysingene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skalgis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 20.12.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Andreas Bratshaug Stenersen

Kontaktperson: Andreas Bratshaug Stenersen tlf: 55 58 30 19

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Vedlegg 4 Endring av prosjekt

Prosjektnr: 48396 Språkskifte frå nynorsk til bokmål i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring

audun.lovlie@nsd.no

ty 10.01.2017 10:39

Til:Marit Nerås Krogsæter <maritnk@stud.ntnu.no>;

Kopi:Brit Kirsten Mæhlum <brit.maehlum@ntnu.no>;

Vekt: Høg

BEKREFTELSE PÅ ENDRING

Vi viser til statusmelding mottatt 03.01.2017.

Personvernombudet har nå registrert ny dato for prosjektslutt 15.05.2017.

Det legges til grunn at prosjektopplegget for øvrig er uendret.

Ved ny prosjektslutt vil vi rette en ny statushenvendelse.

Hvis det blir aktuelt med ytterligere forlengelse, gjør vi oppmerksom på at utvalget vanligvis må informeres ved forlengelse på mer enn ett år utover det de tidligere har blitt informert om.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Vennlig hilsen,
Audun Løvlie - Tlf: 55 58 23 07
Epost: audun.lovlie@nsd.no

Personvernombudet for forskning,
NSD – Norsk senter for forskningsdata AS
Tlf. direkte: (+47) 55 58 21 17 (tast 1)

Samandrag

Dette er ei masteroppgåve som søker å finne ut kvifor elevar vel å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål og når dette språkskiftet skjer. I oppgåva ser eg på individuelle val som språkbrukarane gjer og haldningane til språkbrukarane har til dei to offisielle målformene i Noreg, men eg ser òg på språkskifte i eit makroperspektiv og kva konsekvensar dette har for nynorsk som språk.

Eg har henta det empiriske materialet mitt frå semistrukturerte spørjeundersøkingar ved ein ungdomsskule i Haram kommune og ved to vidaregåande skular i Ålesund. I tillegg har eg gjennomført kvalitative forskingsintervju med to elevar som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål, og to elevar som har skrive nynorsk i heile utdanningsløpet.

Det som kjem fram i undersøkingane støttar i stor grad opp om dei undersøkingane som har blitt gjort tidlegare av mellom anna Øvreliid (2014) og Idsøe (2016) og viser at Ålesund og Møre og Romsdal er område der nynorsk gradvis vert mindre brukt av elevar i utdanningssituasjonar. Elevane oppfattar nynorsk som *markert* og *unaturleg*, og sjølv om nynorsk ligg nærmere dialekta til respondentane, vel elevane likevel å skifte hovudmål til bokmål. Språkskiftet frå nynorsk til bokmål er størst ved Ålesund vidaregående skole, der 65 % av elevane har skifta hovudmål. Majoriteten av desse elevane har skifta hovudmål før dei starta på vidaregåande utdanning.

Det eg har funne ut i denne oppgåva er at urbanisering og sentralisering påverkar språkvala til unge språkbrukarar. Ved overgang frå barneskule til ungdomsskule, eller frå ungdomsskule til vidaregåande, møter elevane ein stadiumovergang der dei må finne eit nytt grunnlag for sin eigen identitet og korleis dei skal fungere i eit nytt språksamfunn. Dei elevane som skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål gjer i hovudsak taktiske val, medan dei som alltid har skrive nynorsk, gjer dette av vane.

Undersøkinga viser òg at nynorsk står under press i dei vidaregåande skulane i Ålesund, og elevane har ikkje den naudsynte språklege sjølvtilleiten, eller dei organisatoriske rammene, til å halde fram med nynorsk i møte med ein bokmålsmajoritet.

Oppgåva sin relevans for lektoryrket

Som framtidig lærar i Utdannings-Noreg, er denne oppgåva svært relevant for arbeidet eg skal til med. Mange elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning, kjem i ein mindretalsposisjon ved stadiumovergangar, og står ofte i fare for å minste det språket dei har lært seg sidan dei var små. Som norsklærar vil denne oppgåva hjelpe meg til å forstå kva situasjon elevane er i og på den måten prøve å legge dei organisatoriske rammene meir til rette. Alle elevar bør få skrive det hovudmålet dei sjølv ynskjer, og ikkje bli pressa til å skifte språk fordi fleirtalet brukar eitt anna. Eg har sjølv vore den eleven i eit bokmålsklasserom som har streva med å halde på det nynorske språket, og det er som fleire av respondentane og informantane skriv, svært krevjande og ein må vere sta for å stå imot.

Sidan ein stor del av elevane som startar på vidaregåande i Ålesund kommune, kjem frå skular med nynorsk som hovudmål, kan eg møte desse elevane med støtte og forståing for den situasjonen dei er i. Eg meiner det er viktig at dei som har nynorsk som hovudmål, skal kunne sjå språket sitt i bruk, og som lærar ved ein skule i Ålesund, vil eg kunne gjere mitt beste for å leve opp til denne tanken.

Eg har lært mykje i arbeidet med denne oppgåva, både når det gjeld det faglege, men òg prosessen mot det ferdige arbeidet. Prosessrelatert skriving er viktig for å kunne levere frå seg eit godt resultat, og det eg har lært ved å jobbe med denne masteroppgåva, vil eg ta med meg vidare i skriveopplæringa til elevane.

I tillegg tenkjer eg at denne oppgåva er relevant for andre lærarar som underviser elevar med nynorsk som hovudmål, og eigentleg alle andre òg. Språkopplæring og språkleg bevisstheit er ein del av alle lærarar sine arbeidsoppgåver, og uavhengig av kva fag lærarane underviser, så bør ein arbeidet for å gje alle elevane i den norske skulen, best mogleg utgangspunkt i det dei skal vidare i høgare utdanning eller i andre viktige samfunnsfunksjonar.